



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 02.06.2022
Møtetid: Kl. 08:30
Møtestad: Kommunestyresalen - kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
015/2022	22/335	Godkjenning av innkalling og sakliste	
016/2022	22/335	Faste saker	
017/2022	22/261	Årsmelding 2021	
018/2022	22/327	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2021	
019/2022	22/304	Finansrapportering 1. tertial 2022	
020/2022	22/304	Økonomirapportering pr. april 2022	
021/2022	21/302	Prinsipp for handsaming av generelle søknader om tilskot til Samnanger kommune	
022/2022	20/730	Evaluering av prøveordning med talerett i kommunestyret	
023/2022	21/353	Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune	
024/2022	22/278	Kommunal ordning med fritidskort for barn i Samnanger 6-18 år	
025/2022	22/257	Frivilligprisen 2022	
026/2022	22/311	Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025	
027/2022	21/268	Bårerom Samnangerheimen	
028/2022	18/1011	Vedtak av kommunal planstrategi 2022 - 2024	
029/2022	22/326	Premissar for Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Orienterings-/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 22/335	Løpenr: 22/4225
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	015/2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 22/335	Løpenr: 22/4226
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	016/2022

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Orienterings-/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-210, TI-&14
Arkivsaksnr: 22/261	Løpenr: 22/3223
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	017/2022
Kommunestyret		

Årsmelding 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Årsmelding 2021 for Samnanger kommune.

Dokument som er vedlagt:

Årsmelding 2021 for Samnanger kommune

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2021

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova § 14-7
(<https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§14-7>)

Kva saka gjeld:

Det går fram av kommunelova § 14-7 at kommunar seinast 31. mars kvart år skal utarbeida og avgje ei årsberetning. Det går òg fram av § 14-7 kva det skal gjerast greie for i årsberetninga.

I Samnanger blir omgrepet årsmelding brukt i staden for årsberetning. Det er rådmannen som utarbeider årsmeldinga. Kontrollutvalet gir uttale til årsmeldinga før den vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret.

Det går fram av kommunelova § 14-2 bokstav b at kommunestyret skal vedta årsmeldinga.

Som vedlegg til dette saksframlegget følgjer årsmeldinga for Samnanger kommune for 2021, samt kopi av vedtak/uttale frå kontrollutvalet. Det vert vist til desse dokumenta for utfyllande informasjon.

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 22/327	Løpenr: 22/4169
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	018/2022
Kommunestyret		

Godkjenning av kommunerekneskapen for 2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rekneskapen for 2021 vert godkjent slik han ligg føre. Rekneskapen for 2021 har eit overskot på kr 12 996 715. I avslutninga av rekneskapen for 2021 vart fyrst avsetjing til disposisjonsfond på kr 920 000 stroke i samsvar med forskrift § 4-3. Mindreforbruket ut over dette er avsett til disposisjonsfond.

Framført underskot på sjølvkost kan dekkast inn ved eit eventuelt overskot på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld:

Vatn	Kr 12 457
Eikedal, vatn	Kr 113 493
Avløp	Kr 1 016 991

Tala i tabellen er akkumulerte meirforbruk.

Dokument som er vedlagt:

Noter 2021

Årsrekneskap for Samnanger kommune 2021 - Saksframlegg Uttale frå kontrollutvalet med vedtak

Vedlegg 1 til partsbrev - Uttale frå kontrollutvalet 2021

Vedlegg 2 Oppsummering av revisjon 2021

Vedlegg 3 til partsbrev - Revisjonsmelding 2021

Dokument som ikkje er vedlagt:

Rekneskapen ligg som del av årsmeldinga, og denne er vedlagt sak om årsmelding 2021.

Kva saka gjeld:

Kommunen hadde i 2021 eit mindreforbruk på kr 12 996 715 I avslutninga av rekneskapen for 2021 vart first avsetjing til disposisjonsfond på kr 920 000 stroke i samsvar med forskrift § 4-3. Mindreforbruket ut over dette er avsett til disposisjonsfond.

Tal i 1000kr	Rekneskap 2021	Rev.budsjett 2021	Avvik 2021
Einingane	192 658	193 574	916
Konsesjonkraft	-11 750	-10 500	1250
Skatt og ramme	-193 848	-188 785	5 063
Interne finansieringstransaksjonar	13 671	6 781	6 890

(Eit positivt tal er eit positivt budsjettavvik; eller mindreforbruk eller ei auke i inntektspost)

Dersom ein ser på rekneskap 2021 mot revidert budsjett 2021 så er det relativt mindre avvik gjennomgåande. Dersom ein ser på einingsnivå så er det samla sett eit positivt avvik, og det er fleire positive avvik enn negative avvik. Av relativt større avvik er budsjettområde for eigedom som hadde eit negativt budsjettavvik på 1,125 mill. kr. Konsesjonskraftområdet hadde eit positivt budsjettavvik på 1,25 mill. kr, og forutan det vart revidert budsjett på dette området auka gjennom året frå 3 mill. kr til 10,5 mill. kr. Når det gjeld skattekapittelet så hadde ein i 2021 eit stort positivt budsjettavvik på 6,89 mill. kr.

Sjå elles vedlagte rekneskaps noter og eigen politisk sak for årsmelding for meir informasjon.

Det som kan nemnast særskilt er at nokre av sjølvkostområda hadde meirforbruk som ikkje kunne dekkast med fond. Akkumulerte meirforbruk på desse områda er som følger:

Vatn	Kr 12 457
Eikedal, vatn	Kr 113 493
Avløp	Kr 1 016 991

Desse meirforbruka er akkumulerte og kan dekkast inn att på eit seinare tidspunkt dersom områda får mindreforbruk i løpet av dei næraste 5 åra. Det må i så fall gjerast eit vedtak om inndekking.

Revisjonsselskapet BDO AS har fylgjande konklusjon om rekneskapen:

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Kontrollutvalet i Samnanger hadde rekneskapen til handsaming i møte 10. mai 2022. Hovudpunkt med konklusjon er som følger:

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på kr 12 996 714. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2021 blir godkjent slik det ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

- Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:
 - Netto driftsresultat er på 4,81 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
 - Gjeldsgrad er berekna til 90,22 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
 - Gjeldsbelastning er berekna til 4,96 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
 - Disposisjonsfondet er berekna til 7,60 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%, og kommunen sitt eige mål er at fondet skal ligge på ca. 15 mnok. Fondet var ved årsskiftet på 20,54 mnok.
 - Likviditetsgrad 1 er på 2,0. Denne bør, iht økonomisk teori, vere på min. 2

Samnanger kommune viser eit godt resultat for 2021. Kommunen si gjeldsgrad er noko høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Gjeldsgraden har utvikla seg positivt det siste året frå 105,44 % i 2020 til 90,22 % i 2021. Det er også viktig at kommunen viser eit stabilt godt resultat over tid.

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannen skriv i si innleiing til årsmeldinga:

«Det økonomiske resultatet til kommunen i 2021 gjorde at kommunen sine nøkkeltal på fleire område har betra seg. Kommunen har no eit disposisjonsfond på over 20 mnok, gjeldsgraden er på under 100 % og driftsresultat på 4,8 % er over både tilrådd nivå frå riksrevisjonen og langt over kommunen sitt mål om minimumsresultat.

Samnanger kommune har framleis relativt høg gjeld og eit ikkje alt for høgt disposisjonsfond, og dette gjer at kommuneøkonomien framleis er sårbar dersom ein ikkje gjer naudsynte grep. Isolert sett er det likevel lov å gleda seg over at kommunen sin økonomi fekk eit oppsving i 2021.

».

Kommunen si lånegjeld på 255 mnok i 2021 ga rente- og avdragsbetaling på 13,1 mill. kr. Frå 2014 har kommunen auka lånegjelda med 85 mill. kr. Svært låg rente over fleire år har vore avgjerande for at kostnadene ved lånegjelda ikkje har auka kraftig, og dermed ikkje skapt negative konsekvensar for tenestetilbodet. Høgare lånerente kan komme, og det er viktig å ta høgde for dette. Ei tilnærming til auka framtidig renterisiko vil vere å gjera bindingar av rentenivået på eit lågast mogleg nivå. Eit anna viktig moment vil vere å ha fokus på korleis framtidige investeringar kan gje innsparingar i drifta, og såleis dekkja auka rente- og avdragsbetaling gjennom dette.

Riksrevisjonen tilrår og at disposisjonsfondet bør vera på minimum 5 % av driftsinntektene, dvs. at for Samnanger betyr dette eit disposisjonsfond på minimum 14 mill. kr. Kommunen har no eit disposisjonsfond på 20 mill. kr. Det å ha eit større disposisjonsfond gjer at kommunen er mindre sårbar for mellom anna endring i rammevilkår, endra behov for kommunale tenester, renteauke eller nedgang i konsesjonskraftinntektene. Renteauke kan me i stor grad sikre oss mot ved å binde renta, men dette vil ha ein årleg kostnad som må finansierast.

Rådmannen si klare anbefaling er at kommunen bør arbeida meir med å finne måtar å effektivisera drifta på. Dette bør gjerast før kommunen går inn i nye, store investeringsprosjekt som ikkje er sjølvfinansierande. Kommunen er og involvert i fleire søksmål som kan få store konsekvensar for kommuneøkonomien.

Når det gjeld rammetilskot frå sentralt hald til Samnanger kommune kom kommunen økonomisk dårleg ut gjennom inntektssystemet etter at kommunereforma med samanslåingar vart gjennomført. Den nye regjeringa skal gå gjennom inntektssystemet for å vurdere om små kommunar som Samnanger, som valde å stå utanfor aktuelle samanslåingar, framleis skal koma dårlegare ut i inntektssystemet.

Når det gjeld sjølvkostområda som vatn, avløp, slam og feiing skal dette over tid finansiera seg sjølv. Det er no fleire område som har eit negativt resultat eller der fondet nesten er brukt opp. For å

unngå at me kjem i ein situasjon igjen der sjølvkostområda ikkje betalar seg sjølv, er det viktig å framleis drifte effektivt, i tillegg må det arbeidast med å få på fleire abonnentar. Investeringane må skje planmessig slik at prisane kan aukast gradvis.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 22/304	Løpenr: 22/3768
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	019/2022
Kommunestyret		

Finansrapportering 1. tertial 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2022 vert tatt til orientering.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.

Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Gjeldande reglement vart vedtatt av Kommunestyret 2.september 2021.

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) og DNB er pr april 0 % på driftskonto. På skattetrekkskontoen er renta 0,25 %. På særtilkårskonto har kommunen inngått avtale om 3 md Nibor – 0,05 %, for tida 1,25 %. På innskotskontoen er det inngått avtale om 3 md. Nibor + 0,2 %. Pr april er renta 1,5 % og det står 10,03 mnok på kontoen.
- Pengemarknadsfondet "Pluss-fondet" hadde pr. 31.12.21 ein verdi på kr 278 576,42. Pr april har fondet hatt ei avkastning på 0,25 % hittil i år og 0,64 % siste 12 md. Saldo pr april er på kr 279 260,21.
- Totalt er det 59 mnok disponibelt på konti og kommunen har god likviditet.
- Jf. finansreglementet skal 90 % av ledig driftskapital plassert på ein slik måte at avkastninga minimum skal vere lik 3 md. Nibor minus 0,05 %, dvs. tilsvarande rentevilkåra på særtilkårskonto. 70 % av kapitalen er plassert med avkastning som er likt kravet og 17 % er plassert med rentevilkår som pr april ligg 0,25 % over kravet. 14 % av driftskapitalen står på driftskonto som har rente som er lågare enn krav til avkastning. Dette vert korrigert ved at større del vert flytta over på konto med særtilkår.

	31.12.2020		31.12.2021		30.04.2022	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	1,01	2 %	3,2	7 %	7,0	12 %
Innskot i DNB	3,30	8 %	1,2	3 %	1,3	2 %
Innskot i SPV (særvilkår og innskot)	38,50	89 %	43,1	90 %	51,1	86 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,27	1 %	0,28	0,6 %	0,28	0,5 %
Samla kortsiktig likviditet	43,08	100 %	47,78	100 %	59,67	100 %
	MNOK	Gevinst/tap	MNOK	Gevinst/tap	MNOK	Gevinst/tap
Aksjefond	-	-	-	-	-	-
Aksjar:						
Tidsinnskot						

Lån- og rentevilkår:

- Det er i budsjett 2022 vedtatt å ta opp to lån: eit på 20 mnok til investering i vatn, avløp, bygg og veg og eit på 5,8 mnok til planlegging av fleirbrukshall/idrettshall. Kommunen ventar med låneopptak til i haust og vil då gjera ei ny vurdering på lånebehovet.
- Renta på lån er no 1,95 % i KLP og 2,05 % i Kommunalbanken. I Husbanken er renta på 0,9 %. Det er varsla at det vil koma fleire renteaukingar i løpet av 2022. I budsjettet vart det lagt inn ei rente på 1,85 % for 2022. Pr april er det ikkje avvik mot budsjett. Kommunen har 38 % av lånegjelda (96,98 mnok) med pt rente (flytande rente). 0,1 % renteauke gir auka rentekostnad på kr 97 000 pr år.

	31.12.2020		31.12.2021		30.04.2022	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Lån med pt rente	150,21	58 %	98,12	38 %	96,98	38 %
Lån med NIBOR basert rente						
Lån med fast rente	110,22	42,32 %	157,04	62 %	156,27	61,71 %
Finansielle leasing						
Samla langsiktig gjeld	260,44	100 %	255,16	100 %	253,25	100 %
Antall løpende enkeltlån	22		23		23	
Største enkeltlån	56 MNOK		55 MNOK		55 MNOK	
Rentevilkår:						
KLP: flytande	0,90 %		1,55 %		1,95 %	
fast	1,83 %		1,38 -1,77%		1,38 -1,77%	
Kommunalbanken: flytande	0,90 %		1,54 %		2,05 %	
fast	2,25 - 2,43 %		2,11 - 2,43 %		2,11 - 2,43 %	
Husbanken: flytande	0,80 %		0,72 %		0,90 %	
fast	2,40 %		2,40 %		2,40 %	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 22/304	Løpenr: 22/4160
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	020/2022
Kommunestyret		

Økonomirapportering pr. april 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr april 2022 vert tatt til orientering.

Følgjande budsjettjusteringar vert gjennomført;

- Budsjettauke straumutgifter i kommunen
- Budsjettauke kursbudsjett i kommunen
- Budsjettauke grunna nyttilsetjing og avspasering innan legeteneste
- Skatteinntektene vert budsjettert opp

Budsjettendringane er summert opp i følgjande tabell:

Moment / Heile kr	Utgift opp / Inntekt ned	Utgift ned / inntekt opp
Straumutgifter	700 000	
Kurs og kompetanseheving	200 000	
Legeteneste	400 000	
Skatteinntekter		1 300 000
Total sum	1 300 000	1 300 000

Budsjettreguleringane er gjort greie for i saksutgreiinga.

Utover det ser ein an økonomisituasjonen for dei ulike budsjettområda og kommunen totalt sett fram til rapportering pr. 2. tertial før ein justerer budsjettet ytterlegare.

Dokumentasjonskrav i punkt 11 – Innkjøp med verdi under 100 000 kroner - i Innkjøpsreglementet til Samnanger kommune vert fjerna.

Dokument som er vedlagt:

Innkjøpsreglement Samnanger kommune

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.

Kva saka gjeld:

Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr april 2022. Rapporten tek for seg den økonomiske situasjonen fram til og med april, samstundes som ein set opp ein årsprognose for dei ulike områda og kommunen samla. Det vert i tillegg rapport på status for budsjetttiltak og investeringsprosjekt. Til sist er det ein del andre økonomimoment og ein oppsummering. Dette kjem i tillegg til finansrapportering pr 1.tertial.

Økonomirapporten er delt inn slik:

- I. Status drift 2022 pr. april, med årsprognose
- II. Status budsjetttiltak 2022 pr. april
- III. Status investeringsprosjekt 2022 pr. april
- IV. Andre økonomimoment

I. Status drift 2022 pr. april, med årsprognose

Kommunen sin driftsøkonomi vert i gjennomgangen under delt inn i fire sektorområde; i tillegg til eit budsjettområde for fellesinntekter og felleskostnader.

- Oppvekst
- Pleie og helse
- Samfunnsutvikling
- Økonomi og organisasjon.
- Fellesinntekter og felleskostnader.

Sektor Oppvekst

Fellesområde innanfor oppvekst

Dette budsjettområdet inneheld det som er felleskostnader for heile sektoren eller kostnader som ligg utafor skule og barnehagar; kommunalsjef, skuleadministrasjon, barnehageadministrasjon, vaksenopplæring og privat barnehage.

Pr. april er forbruk noko lågare enn budsjett; om lag 0,3 mil. kr, men prognosen tilseier at forbruket vil ta seg noko opp slik at budsjettområdet endar opp i balanse ved årets slutt.

Risikomoment som kan bidra til eit anna resultat enn balanse ved årets slutt er gjesteelev-oppgjjer og forventa auke til søskenmoderasjon/ stønadsauke til privat barnehage.

Når det gjeld mottak av Ukraina- flyktingar så er naudsynt apparat klart innanfor oppvekst.

Når det gjeld dei kostnadane som eventuelt vil koma på grunn av mottak av flyktingar, så er desse føresettt kompensert frå statleg hald.

Eining Vassloppa

Pr. april er det eit meirforbruk ved eininga på 0,4 mill. kr, men delar av dette er knytt til ulik periodisering mellom rekneskap og budsjett. Pr. april er barnehagen fylt opp, og det er få ledige plassar hos privat barnehage; noko som igjen vil gje fleire born i kommunen sin barnehage. Sjukefråværet har vore høgt ved eininga i fyrste del av 2022, og det vert lagt til grunn at mykje av dette fråværet skuldast Korona. Eininga har freista å få inn ein lærling, men har førebels ikkje lukkast. Vurderinga er at ein vil kunne ta inn meirforbruket utover året, slik at resultatet ved årets slutt vert balanse. Beste og verste resultat vert anslått til høvesvis eit positivt budsjettavvik på 0,1 mill. kr og eit negativt budsjettavvik på 0,1 mill. kr.

Eining Dråpeslottet

Pr. april har eininga eit meirforbruk, og dette er særleg knytt til Omikron og styrka tilbod. På trass av dette, er det ikkje driftsøkonomien som er utfordrande ved eininga, men fråvær og bruk av vikarar i barnehagen. Ukrainske flyktningborn i barnehagen og noko overtid medfører meirkostnader, men dette er kostnader som vert dekkja gjennom statlege midlar.

Lønsbudsjettet er i balanse, medan den delen av budsjettet som ikkje går til løn, som til dømes leiker inne og ute; er også om lag i balanse. Innkjøpsbudsjettet er relativt lågt, men vert brukt til viktige tiltak.

Eininga har eit tiltak som er på ønskelista, og som vil gje stor fagleg gevinst. Tiltaket er å setja inn 2 ekstra dører i bygget, og med det kople små- og storbarnsavdeling. Dette vil gje fagleg gevinst, betre organisering og gjer det mogleg å legge opp til ei meir fleksibel bemanning. Med informasjon pr. april er det sannsynleg at eininga vil ende opp i balanse. I verste fall vil resultatet verte eit budsjettmessig underskot på 0,4 mill. kr.

Eining Samnanger barneskule

Samnanger barneskule har eit forbruk pr. april som samla sett er i tråd med budsjettet. Dette sjølv om det er noko meirforbruk på løn. Med den informasjonen ein har pr. april er prognosen balanse. I verste fall kan det verte eit budsjettmessig underskot på slutten av året på nokre hundre tusen. Dersom det går mot eit underskot samla sett etter neste rapportering pr. mai, så vil ein sette i gang reduserande tiltak.

Område med risiko for økonomiske avvik ved skulen er mellom anna;

- vikarbudsjettet er vanskeleg å finna normalen på og særst utfordrande å budsjettera grunna mange avgangar, korona og fleire sjukemeldingar.
- Det er og fleire moment ved skuleskyssen som gjev utfordringar, og som kan gje økonomiske utslag.
- Det er ikkje enno heilt klarlagt kva økonomiske utslag gratisprinsippet når det gjeld SFO vil få.
- Eit moment med ein del meir økonomisk usikkerheit enn tidlegare år, er elevar som krev meir ressursar.
- Det er auke på born både på SFO og ressurskrevjande gruppe, og dette igjen kan auka trongen for auka bemanninga og vil kunne gje meirkostnader.
- Tiltak med utvida opningstid på SFO har og noko usikker økonomisk konsekvens.
- Det er noko usikkerheit kring elevane som er venta frå Ukraina, men kostandar til undervisning, norskopplæring og materiell er venta dekkja av statlege midlar. Det er førebels gjeve melding om at det kjem kring 5 elevar.

Dersom det viser seg at er naudsynt, så vil ein gjera justering i bemanning i forkant av skuleåret 2022/ 2023.

Eining Samnanger ungdomsskule

Det er eit meirforbruket ved skulen pr. april på om lag 0,1 mill. kr, og det fleire moment som genererer dette økonomiske avviket pr. april;

- Skuleskyss kostar 70- 80 000 kr meir enn det skulen har sett av i budsjettet til dette.
- Det har vore brukt ein del meir enn planlagt på oppfølginga av elevar som er meir ressurskrevjande.
- Når det gjeld refusjonar får skulen inn noko mindre enn det som er budsjettet.

Dersom meirforbruket held fram ut over våren og årsprognosen samla sett ligg an til eit meirforbruk, så vil følgjande tiltak verta effektuert;

- Reduksjon av vikarkostnadar
- Utsetja innkjøp av lærebøker

Eit moment som ikkje verkar direkte inn på skulen sin økonomi i 2022, men som vil kunne vere ein god investering også økonomisk på lang sikt, er at skulen har vorte ein MOT- skule.

Førebels er skulen sin årsprognose eit meirforbruk opp mot 0,2 mill. kr.

Totalprognose Oppvekst:

Summert opp stoda pr. april så vert årsprognosen for heile sektoren Oppvekst i 2022 eit relativt sett lite budsjettmessig underskot på 0,2 mill. kr ved årets slutt. Spennet mellom beste og verste prognose ved årets slutt er balanse som best og 0,5 mill. kr i budsjettmessig underskot som verst.

Sektor Helse og omsorg

Eining Helse

Denne eininga inneheld tenestene helsestasjon, jordmorteneste, legeteneste, fysioterapi og psykolog. Pr. april er det ein del større avvik i rekneskapen for denne eininga.

For legetenestene ligg det an til å gå mot eit budsjettmessig underskot på opp mot 0,8 mill. kr. Det er å merke seg at dette er før det er kompensert for eventuelle meirkostnadar grunna Korona.

Orsaka til meirforbruket er at lønsnivået på dette området kjem til å verte høgare enn det som det er teke høgde for i budsjettet. I tillegg vil det påløpa meirkostnadar grunna løna avspasering som heller ikkje er medrekna i budsjett for 2022. Desse to tilhøva var ikkje kjent når budsjettet vart vedteke. Til sist kjem delar av det negative budsjettaviket av at stillinga til kommuneoverlege har vorte auka i 2022, og dette er grunna i Korona.

Det som kjem til å redusere meirforbruket er å føre den delen av kostnadane innanfor legetenestene som dreier seg om Korona særskilt; slik at desse vert kompensert for. Dersom dette vert gjort vil det budsjettmessige underskotet på slutten av året verta i beste fall 0,2 mill. kr og i verste fall opp mot 0,8 mill. kr. Årsprognosen for legetenester vert pr. april sett til eit negativt resultat på 0,4 mill. kr.

For dei andre tenestene innanfor eininga er årsprognosen anten balanse eller eit mindre positivt budsjettavik. Orsaka til dette mindreforbruket er mellom anna noko etterslep på tilsetjingar på helsestasjonen og innan ergoterapi. Førebels vert samla årsprognose pr. april 0,4 mill. kr i negativt budsjettavik for eining helse.

Eining Pleie og omsorg

Utifrå det som er kjend pr. april er prognosen for året at eininga vil ha ein balanse mellom rekneskap og budsjett på slutten av året. Føresetnadar for å nå balanse ved årets slutt er følgjande;

- At staten kompenserer for alle lønskostnader som eininga har hatt i samband med pandemien; både Omikron, Korona og den siste Korona- avtalen som utløyser overtid. Vurderinga er framleis at ein reknar med at dette kjem til å skje. For eininga dreier dette seg om meir enn 1 mill. kr.
- Omfanget av sal sjukeheims plassar vil vere den vektigaste faktoren for årsresultatet. Dersom salet vert opp mot det som er budsjettet, så vil eininga få eit budsjettmessig overskot for 2022. Dersom ein ikkje får seld noko fleire sjukeheims plassar til kringliggjande kommunar resten av året så vil eininga truleg ikkje klare å halde budsjettet. Det er førebels ikkje seld nok plassar pr. april. Prognosen pr. april er likevel at ein skal få seld nok plassar i 2022. Som eit tiltak i høve til dette vil det verte sendt ut brev til nærliggande kommunar for informera om moglegheita for å kjøpa plass i Samnanger.

Eit moment innan drifta er at det er ein del vakansar. Desse verkar inn på drifta i eininga på fleire måtar. Økonomisk bidrar dette til eit mindreforbruk. Det er særskilt sjukepleiarar som er vanskeleg å rekruttera, og det er fleire ubesette sjukepleiar- stillingar.

For eininga er det eit par investeringsbehov som ein vil sjå på, ilag med teknisk avdelinga. Det gjeld kjøp av ny større fryss og sørga for at ein får nok kontor plassar.

Årsprognosen pr. april vert balanse; dette sjølv om det er ein del usikkerheit og fleire moment som kan gje både negative og positive utslag. Spennet for beste og verste resultat er eit positivt resultat på 0,5 mill. kr og eit negativt resultat på 0,5 mill. kr.

Eining Livsmeistring

Eininga består av barnevern, PPT og Nav- kontor. Samla sett er det for desse områda god kontroll på økonomien. Det er fleire saker på barnevernsområdet som det vert jobba med i 2022, men det er ingen nye rettsaker eller andre pågåande tyngre saker som gjev større økonomiske avvik. Pr. april syner rekneskapen mindreforbruk; samla om lag 0,5 mill. kr. Ei orsak til mindreforbruket er at det har vore ein del vakanse fordi tilsetjing har skjedd noko seinare enn planlagt. Det er og lagt inn ein buffer på om lag 0,3 mill. kr i eininga sitt budsjett. Dette for å ha rom for eventuelle nye saker innanfor barnevern i 2022; berre ei ny sak kan potensielt koste fleire hundre tusen kroner.

Livsmeistring sitt budsjett for 2022 vart laga utan det beste grunnlaget; av di eininga var heilt ny. Det er difor særst godt gjort når årsprognosen tilseier at ein truleg treff på eit budsjett som er laga utan erfaringstal. Det som framleis må justerast noko er korleis dei ulike stillingsheimlane er fordelt på dei ulike oppgåvene i eininga. Årsprognosen pr. 1. tertial er balanse.

Totalprognose Helse og omsorg:

Summert opp stoda pr. april for Helse og omsorg så vert årsprognosen for heile sektoren eit negativt resultat på 0,4 mill. kr.

Sektor Samfunnsutvikling

Avdeling Teknisk Drift

Økonomien til avdelinga rommar Vatn- og avløp, Egedomsforvaltning, veg, kai, parkering og reinhald. Pr. april syner rekneskapen at det er eit meirforbruk på VA- området, men det er venta at dette vil verta redusert utover året. Hovudårsaka til dette er at ein i løpet av 2022 er godt i gang med å kople på nye abonnentar som vil gje kommunen nye inntekter, og betre økonomien på sjølvkostområdet. Samla kan det verta kopla på over 30 abonnentar i 2022. Det vil og vere fokus på kostnadskontroll, og målet er at dette budsjettområdet er i balanse ved årets slutt.

For dei andre budsjettområda så vil ein ved stram styring resten av året kunne gje balanse i

2022.

Eit punkt som utfordrar den samla budsjetttramma for avdelinga er at straumkostnadane så langt i år har vore ein del høgare enn det nivået som ligg i budsjettet. Etter fire månadar er straumkostnadane 0,45 mill. kr over budsjettert nivå. Forutan straum har det vore noko større kostnadar til brøyting i 2022 enn det ein har hatt i budsjettet. I denne saka vert det gjort framlegg om budsjettstyrking som følgje av ekstrakostnadane til straum.

Årsprognosen pr. april vert sett til eit negativt resultat på 0,8 mill. kr, og vert forklart med auka straumkostnadar innan budsjettområdet eigedom. I verste fall vert resultatet 1,0 mill. kr i budsjettmessig underskot, medan beste anslag er om lag 0,6 mill. kr i negativt resultat. Dei andre områda utanom eigedomsforvaltning har i utgangspunktet ein årsprognose lik balanse.

Avdeling Teknisk Forvaltning

Denne avdelinga inneheld budsjett til forvaltning av kommunale bustadar, planarbeid, beredskap, miljø og landbruk.

Rekneskapen pr. april syner eit mindreforbruk samla sett for avdelinga på om lag 0,6 mill. kr. Delar av mindreforbruket vil verte redusert utover gjennom året, i og med at rekningane som kjem og vert betalt ikkje er heilt i takt med periodiseringa av budsjettet.

Årsprognosen for avdelinga er pr. april sett til å verte om lag balanse eller eit mindre budsjettmessig overskot ved årets slutt. I verste fall kan avdelinga enda opp med eit negativt resultat på 0,3 mill. kr. Det er nokre moment som kan gje budsjett avvik ved årets slutt;

- Området med størst risiko for budsjettavvik er beredskap; her kan det kome større uforutsette kostnadar som ikkje er budsjettert.
- Grunna dei høge byggekostnadane så kan det verta lågare byggeaktivitet i kommunen og med det lågare inntekter frå handsamingsgebyr enn det som er budsjettert.
- Eit siste moment som kan medføre kostnadar som ikkje ligg inne i budsjettet er at kommunestyret har vedteke at det skal utarbeidast ein landbruksplan, og landbrukskontoret har planar om å laga ein felles landbruksplan for dei tre samarbeidande kommunane. Det er usikkert når dette slår inn, då det ikkje er laga ein framdriftsplan enno.

Årsprognose Samfunnsutvikling:

Summert opp stoda pr. april for Samfunnsutvikling så vert årsprognosen eit negativt resultat på 0,8 mill. kr.

Sektor Økonomi og organisasjon

Stabsfunksjonane Økonomi, HR, rådgjevar, politikk og kontroll

For stabsfunksjonane er det samla sett eit lite meirforbruk på 0,1 mill. kr pr.

For økonomiavdelinga syner rekneskapen eit meirforbruk på 70 000 kr. For HR og rådgjevar syner tala pr. april eit mindreforbruk. Det er mange mindre små avvik for både løn og driftskostnadar.

På økonomikontoret er det største utslaget økonomisk at det er gjort opp for meirarbeid i form av all tidlegare opparbeida overtid ved økonomiavdelinga. Forventninga er at det ikkje skal vere stor grad av meirarbeid og overtid på avdelinga frå og med no og ut året.

For rådmannskontoret er det pr. april eit relativt stort negativt budsjettavvik på om lag 0,4 mill. kr. Dette avviket kjem av at det er fleire pågåande rettsaker i 2022 som det ikkje er budsjettert for. Dersom desse sakene held fram vidare i 2022, så vil dette kunne medføre eit vesentleg negativt budsjettavvik.

Systemanskaffingar

Eit moment som vil gje meirkostnadar er fleire systemanskaffingar i 2022 som ikkje er budsjettert. For å ta i bruk Framsikt til budsjett, økonomiplan og verksemdstyring må ein kjøpa

inn to modular til av systemet; i tillegg til dei tre som Samnanger har hatt frå før. I tillegg er det fleire mindre summar som vert brukt til systemkjøp; mellom anna løysing der innbyggjarane sjølv vel korleis dei vil dele opp betalinga av kommunale avgifter; årleg, kvartalsvis eller månadleg. Til sist har kommunen eit behov som går på system for oppfølging av innfordring og inkasso som kan løysast gjennom innkjøp av system. Samla vil dette kunne koste om lag 150 000 kr.

Det som er nemna utover kostnaden til desse systema er at Framsikt vil gje kommunen eit digitalt løft der både økonomi, årsmelding, politiske vedtak og nøkkeltal om kommunen er lett tilgjengeleg på nettsidene. Når det gjeld fakturering av innbyggjarane så er det alt set i verk ei meir fleksibel ordning der det er lagt opp til at innbyggjarane sjølv avgjer korleis dei vil dele opp betalinga av kommunale avgifter. I hovudsak vil dette gjelde innbyggjarar som har e-faktura, og då helst i kombinasjon med avtalegiro. Til sist vil bruk av Kapitalkontroll til oppfølging av innfordring og inkasso gje ein sikring av at dette arbeidet går rett for seg og ein vil frigjera mykje tid. Sistenemnde avtale kostar kommunen relativt lite, men del av Kapitalkontroll sin forretningsmodell er at dei tek til inntekt delar av aktuelle forseinkingsrenter som innbyggjarane då må betale.

Overordna så vil økonomisk resultat for rådmann med stabsfunksjonar avhenga i stor grad av kva kostnader løypande rettssaker vil medføre resten av året. Årsprognosen vert med dette eit negativt budsjettavvik på 0,6 mill. kr. I beste fall kan meirforbruket verte på 0,1- 0,2 mill. kr, medan resultatet i verste fall vil verte eit negativt budsjettavvik på 0,8 mill. kr.

Eining Kultur, idrett og folkehelse

Det er særleg god kontroll på økonomien for eininga. Pr. april er rekneskapen heilt i tråd med budsjettet, og årsprognosen er også venta å verta balanse. Dette dersom ein tek omsyn til ulik periodisering mellom rekneskap og budsjett, og at det skal førast inn ein del fondsmidlar i rekneskapen. Vakansar grunna noko seinare tilsetjingar enn planlagt gjev mindreforbruk i høve til budsjett.

Det er nokre moment som kan gje meirforbruk seinare i år; mellom anna meirope på biblioteket og lønsjusteringar for fleire tilsette i eininga. Dette vil uansett ikkje dreie seg om betydelege summar, og førebels er årsprognosen balanse.

Det er å koma attende til ein sikrare årsprognose pr. 2 tertial.

Avdeling Servicekontor og Arkiv

Servicekontor og arkiv har eit mindreforbruk på om lag 0,4 mill. kr pr. april. Dette kjem mellom anna av at IKT- konsulent framleis ikkje er tilsett. Det er venta at denne stillinga vert besett, slik at det positive budsjettaviket ikkje aukar vidare gjennom året. I tillegg ligg det ein sum i budsjettet på 70 000 kr som skal brukast til utstyr i kommunestyresalen. Resterande mindreforbruk dreier seg om at rekneskapen og budsjettet ikkje går heilt i takt. Eit moment er at meirarbeidet ved avdelinga på eit eller anna tidspunkt må gjerast opp for, og det vil kunne medføre ein meirkostnad gjennom lønsutbetaling. Årsprognosen pr. april vert balanse; med eit resultat på 0,4 mill. kr i budsjettoverskot som beste anslag og 0,4 mill. kr i budsjettunderskot som dårlegast.

Årsprognose Økonomi og organisasjon:

Summert opp stoda pr. april for heile økonomi og organisasjon så vert årsprognosen for sektoren eit negativt resultat på 0,6 mill. kr.

Fellesområde utanom tenestene: Fellesinntekter- kostnader

Rammetilskot og Koronatilskot

Budsjett for rammetilskot vart laga og periodisert lik utbetalingane frå departementet, og det er ingen avvik eller endringar på dette.

Kommunen fører jamleg kostnadar som gjeld Korona og Omikron i rekneskapen, og kommunen ventar å få desse attende frå statleg hald. Kommunen har så langt i 2022 fått 326 000 kr som gjeld kompensasjon for kostnadar som er knytt til pandemien. Kommunen legg til grunn at staten kompenser vidare for dei økonomiske konsekvensane av Korona og Omikron. Dette sjølv om det ikkje vart gjeve garantiar kring den statlege kompensasjonen ved framlegging av revidert nasjonalbudsjett.

Skatt

Pr. april er skatteinntektene som kjem frå inntekt og formue 1,9 mill. kr høgare enn budsjettet. Av di Samnanger kjem betre ut enn budsjettet i høve til landsgjennomsnittet så vert ikkje kommunen kompensert så mykje som det vart lagt til grunn. Pr. mars hadde Samnanger 89 % av gjennomsnittleg skatteinngang for alle kommunar i landet, medan det i budsjettet er lagt til grunn noko lågare skatteinngang; 85,5 %. Det gjer at skatteutjamninga er om lag 0,8 mill. kr lågare enn budsjettet. Samla gjer det at skatteinngang og skatteutjamning utgjer ei meirinntekt på 1 mill. kr høgare enn budsjettet så langt. Skattenivået for kommunen og landet er konjunkturavhengig, og det er usikkerheit knytt til utvikling for resten av året. Det er ikkje vesentleg avvik på eigedomskatt på næring, kraftanlegg, hytter og hus.

Det er venta at skatteprognosen vil kunne endre seg ein del dei neste månadane, men ein legg no til grunn signala i revidert nasjonalbudsjett om eit auka skatteanslag. Delar av den auka skatten er det gjeve signal om at kommunesektoren skal behalde.

Årsprognosen for dette området vert difor ein konservativ prognose på eit positiv budsjettavvik på 2 mill. kr. Spennet mellom beste og verste årsresultat vert vurdert til mellom 1 mill. kr og 4 mill. kr.

Rente- og avdrag

Så langt i år er det ikkje eit negativt avvik mellom påløpte renter og det som er sett av i budsjettet.

Det er gjennomført ein renteheving så langt i år i mars, og Norges bank har sagt at styringsrenta skal opp frå 0,5 % til 1,5 % i løpet av 2022. Det vil gjere at rentenivået på kommunale lån truleg vil gå opp minst like mykje, og noko meir enn den rentehevinga som er teke høgde for i budsjettet for 2022. Kommunen vil følgje utviklinga i rentenivået nøye, og kjem attende med ein talfesta prognose på dette ved 2. tertial.

Konsesjonskraft

Gjennom store deler av 2020 var marknadsprisen på kraft så låg at det var lite fortjeneste på sal av konsesjonskraft. Grunna prissikringar kom Samnanger betre ut av det enn fleire kommunar som tapte på si konsesjonskrafta. 2021 var samla sett eit særst godt år når det gjeld konsesjonskraftinntekter, og 2022 har hatt eit enno høgare prisnivå. Krigen i Ukraina, generell rekordhøg trong for gass på kontinent, låge nivå på produksjon av fornybar energi i Europa og lite nedbør og snø i Sør- Norge har gjeve særst høge prisar og gode kraftinntekter. Kablane mellom sør- Norge og Europa har i denne situasjonen forsterka prisoppgangen.

Pr. april er det netto inntektsført 7,8 mill. kr på konsesjonskraftkapittelet. Det manglar då berre 4 mill. kr for at budsjettet på 11,8 mill. kr i 2022 skal verte nådd. Prognosane som vi har fått frå forvaltaren vår tilseier at nettoinntekt kan verta heilt opp mot i storleiken 10 til 12 mill. kr ut over budsjettet nivå. Førebels melder ein årsprognose lik eit budsjettmessig overskot på 10 mill. kr på dette området. Ein kjem attende med ein meir nøyaktig årsprognose på dette viktige

området ved rapportering pr. 2. tertial.

Pensjonsøkonomi

Pensjonskostnaden til kommunen er rekna utifrå føresetnadar som vart sett i 2021. Nivået på lønsoppgjøret er ein viktig føresetnad; det same er G- regulering. Begge desse faktorane ligg an til å verte mykje høgare i 2022 enn i 2021. Dersom ein samanliknar dei endra prognosane for 2022 med det som er lagt inn i budsjett, så ligg pensjonskostnaden an til å verte om lag 0,5 mill. kr høgare enn budsjettert.

IKT

Budsjettområdet for felles IKT- kostnader syner pr. april eit meirforbruk på 0,3 mill. kr. Delar av dette er periodiseringseffektar; slik at meirforbruket er noko mindre. Årsprognosen så langt vert difor eit negativt budsjettavvik ved årets slutt på 0,5 mill. kr.

Årsprognose fellesinntekter og felleskostnader

Summert opp stoda pr. april for alle fellesområda utanom tenestene så vert årsprognosen eit positivt resultat på 11 mill. kr.

Tabell årsprognosen

Tabell under summer opp årsprognosen pr. april for kommunen.

Samla årsprognose pr. april for drifta til kommunen vert eit budsjettmessig overskot på 9 mill. kr. Ein ser at tenesteområda og stabsavdelingane som sorterer under økonomi- og organisasjon samla ligg an til eit meirforbruk. Fellesinntekter og felleskostnader ligg an til eit stort positivt budsjettavvik, og det igjen kjem av at konsesjonskraftinntektene ligg an til å generere ei stor meirinntekt i 2022. I tillegg bidreg ein god skatteinnang inkludert skatteutjamning med ein prognose på 2 mill. kr over budsjett. Det er greidd ut om kva som ligg bak prognosane til dei ulike sektorane i tekst og tal over.

Det er som nemnt at det er tidleg på året, og det er eit spenn i årsprognosen på 9 mill. kr; der beste anslag er eit budsjettoverskot på 15 mill. kr, og verste er eit budsjettoverskot på 2 mill. kr.

Risikovurdering årsprognose

Det er framleis stor uvisse kring fleire område, og korleis tala skal ende opp ved årets slutt. Det er framleis 2/3- delar av året igjen, og fleire av områda det vert rapport på har førebels berre mars- tal. Det er likevel viktig å gje ein peikepinn på korleis stoda er, og best mogleg anslag på kommunen sitt årsresultat. Følgjande risikomoment inneber ei nedside, og kan gje eit dårlegare resultat for kommunen enn det årsprognosen pr. 1. tertial skulle tilseia;

- Dersom ikkje einingane klarer å halda budsjetta og setja i verk naudsynte tiltak. Og med det at negative budsjettavvik i tenestene går vidare ut gjennom året, og vert større og større. Det gjeld særskilt for teknisk drift, helse og ungdomskulen.
- Kommunen har store utgifter til Korona. I revidert statsbudsjett har det kome litt andre signal frå staten enn det har gjort tidlegare. Dersom staten ikkje kompenserer fullt ut for kommunen sine kostnader, så vil det utgjere eit vesentleg negativt moment i rekneskapan for 2022.
- Svikt i konsesjonskraftinntektene kan skje; sjølv om dei fleste rapportar antydgar at kraftprisane kjem til halde seg på eit høgt nivå, og i vertfall ikkje gå ned mot dei lågaste nivå som ei hadde berre for få år sida. Det er likevel stor usikkerheit rundt denne inntekta, og det er verdt å merke seg at prognosane som kommunen får frå Kinect legg til grunn at prisane skal gå ned alt i 2023. Dette er difor særskilt viktig å følgje med på.
- Rentekostnader Med høg lånegjeld er rentekapittelet viktig å ha kontroll på. Styringsrenta held seg framleis låg, og dette gjev utslag i låge rentekostnader for nye lån. Utsiktene i året vil rentenivået kunne auka ein del dei neste åra med stigande lånekostnader som resultat. Dette

er eit viktig moment i finansielle risikovurderinga.

- Juridiske tenester er eit område der kommunen ber store kostnader som er vanskeleg å budsjettere for. Veldig få rettssaker kan utløyse store kostnader for kommunen. Dersom det kjem fleire saker eller at pågåande saker eskalerer vil det gje kunne gje store kostnader. Kommunen bør frå ein økonomisk vinkel freiste å avgrense trong for ekstern juridisk bistand.
- Sal av sjukeheimplassar er ei stor meirinntekt innan pleie og omsorg. Større omfang på sal av plassar vil gje ein god meirinntekt til eininga, medan sal under budsjett gjev eit stort negativt budsjettavvik. Det er å avvente om ein klarer å selje plassar til omliggande kommunar dei neste månadane, eller om den inntekta ein har fått inn er det ein klarer å få inn av det som er budsjettet.

II. Status budsjetttiltak 2022 pr. april

Rapporteringa under tek for seg dei ulike tiltaka som er vedteke i budsjett for 2022. Desse er sett opp for kvar sektor med status etter fire månadar.

Sektor Oppvekst

Eventuelle kommentarar i høve til sektoren sin oppfølging av politiske vedtak:

Sommaropen barnehage

Dette vedtaket kom kjapt i gang; og det var noko utfordrande med den grunn at ein del av dei tilsette allereie hadde planlagt ferien sin. Dersom ein ser på påmeldinga; så er det få barn som kjem i veke 29 og 30. For sikkerheit skuld så må vi ha to tilsette på vakt sjølv om det er berre eit barn i barnehagen. Ordninga vert evaluert til hausten.

Utvida opningstid SFO

Utvida opningstid sommarferie 2022, veke 26 – 27 – 28 – 31.
Har til no hatt dette tilbodet i jula 2021 og påskedagane i 2022.

Sektor Helse og omsorg

Eventuelle kommentarar i høve til sektoren sin oppfølging av politiske vedtak:

Innsparing ved å halda sjukepleiarstilling vakant

Tiltaket er ikkje ønskeleg frå eininga si side. Det resulterer i meir bruk av overtid. Men det er samstundes vanskeleg å få tak i sjukepleiarar.

Omsorg+ nytt tilbod i 1995- bygget

Ligg ikkje eit fullstendig politisk vedtak i høve til eit tilbod om omsorg pluss; difor må dette opp igjen politisk. Det gjeld både kva tilbodet skal vere, økonomien og kva verknad tilbodet vil ha på kapasiteten når fleire eldre treng sjukeheimplass.

Sektor Samfunnsutvikling

Eventuelle kommentarar i høve til sektoren sin oppfølging av politiske vedtak:

Ekstraløyving vedlikehald

Ekstraløyvinga på 2 mill. kr er planlagt brukt i sine heilheit i 2022. Midlane skal mellom anna brukast til å modifisera resepsjonen på helsetunet; slik at denne kjem inn under kategorien «trygg resepsjon». I tillegg vil delar av den totale kostanden på 0,3 mill. kr ved påfylling av kork-underlag på fotballbanen i Hagabotnane dekkast av denne potten. Vidare er det sett av 0,25 mill. kr til nye brannvarslingsanlegg på Skjervo og Hamnahaugen. Barneskulen har «sprukne» vindauge som skal oppgraderast, og dette vil koste om lag 0,1 mill. kr. Varmepumpa på Samnangerheimen er øydelagd, og det gjer at all oppvarming er på straum. Å byte varmpumpa kostar om lag 0,7 mill. kr. Eit anna viktig tiltak gjeld fjellsikring ved Haga kyrkje; dette har ein kostnad på om lag 0,3 mill. kr og aukar tryggleiken for både gåande og køyrande langs den kommunale vegen.

Plan for bruk av resterande løyving er under planlegging, og det vert presentert plan for bruk av heile løyvinga i tertialrapport nr. 2 pr august.

Energiøkonomiseringstiltak

Dette er ein budsjettpost på 1 mill. kr som det er stor trong for, og som vert nytta til fleire gode tiltak. På Helsetunet vil det verta installert eit varmestyringssystem som vil gje stor vinst i høve til energiøkonomisering. Det er og planlagt montering av elbil-ladarar ved Skottebakken. Dersom det er rom for det på årets budsjett, så vil ein gjera utskiftingar av vindauga i Vassloppa barnehage.

Konsulentstilling Samfunnsutvikling

Me forventar å ha ein ny medarbeidar på plass frå august/september. Det vert ei innsparing på to-tre månadsløner i høve til det som er budsjettert.

Sektor Økonomi og organisasjon

Eventuelle kommentarar i høve til sektoren sin oppfølging av politiske vedtak:

Liv og lyst – prosjektet

Kommunal tilskot til treårig LivOgLyst-prosjekt med oppstart i 2022. Kr 30 000 i tilskot er utbetalt i år.

Tiltak kulturskulen

Kulturskulen sitt budsjett for skuleåret 2022 vert styrka med kr 20 000,- slik at elevar som ønskjer å spela korpsinstrument i kulturskulen kan starta frå hausten dei går i 2.klasse. Det vert lagt opp til at dette tiltaket vert finansiert innanfor kulturavdelinga si eiga ramme. Dersom det viser seg at kulturavdelinga ikkje klarar å ta kostnadane innafor eiga ramme, vert kulturavdelinga sitt budsjett styrka med kr 20 000 ved 2. tertial.

Prosjekt Friluftslivets ferdselsårer

På slutten av 2019 vekk me tilskot frå Vestland fylkeskommune til prosjekt Friluftslivets ferdselsårer. Prosjektet inkluderer å laga ein plan for Friluftslivets ferdselsårer for Samnanger kommune, registrere og digitalisere turruter, og kjøpe nye skilt til 15 turstiar. Grunna korona og andre oppgåver som det har vore behov for å prioritera er prosjektet vorte forlenga. Me håpar å vera ferdig i løpet av 2022.

III. Status investeringsprosjekt 2022 pr. april

Rapporteringa under tek for seg dei ulike investeringsprosjekta som er vedteke i budsjettet, og som skal ha framdrift i 2022. Desse er sett opp for kvar sektor med status etter fire månadar.

Sektor Oppvekst

Eventuelle ytterlegare kommentarar i høve til sektoren sin gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt:

Digitale tavler til barnehagane

Særs nøgd med tavlene. Treng litt opplæring til for å kunne bruke dei optimalt.

Sektor Helse og omsorg

Eventuelle ytterlegare kommentarar i høve til sektoren sin gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt:

-

Sektor Samfunnsutvikling

Eventuelle ytterlegare kommentarar i høve til sektoren sin gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt:

Fleirbrukshall/ idrettshall

Kostnadsauke på innsatsfaktorar som byggjematerialar er ikkje ein risikofaktor for prosjektet i 2022; då 2022 berre er eit år med prosjektplanlegging. Planleggingsfasen og anbudsprosessen i løpet av året vil sikre at stipulerte kostnader i prosjektet er riktige; slik at ein eventuelt kan gå vidare med desse i budsjettprosessen i haust.

VA- infrastruktur

VA-prosjekta er råka av forseinkinga på leveransar og meirkostnader på pumper og byggemateriale. Det er særskilt langleveringstid på ulike produkt som gjer at prosjekta trekker ut i tid. VA-anlegget på Ytre-Tysse går mot slutten og vi reknar med å kunne vera i drift over sommaren 2022. Pr. no ser det ut til at totalbudsjettet går i balanse.

TS-tiltak – Gjerdsvegen (Verbalvedtak)

Verbalvedtaka for trafikksikring av skuleveg langs Gjerdsvegen og rundt skulen; samt vegen til Hagabotnane, er ikkje budsjettert eller finansiert. Det pågår kostnadsanalyse som kan seie noko om utbetningskostnaden for tiltaka. Dette prosjektet vert påverka av at tilsetjing av prosjektleiar er i prosess, og reknar med tilsetjing nært føreståande.

Sektor Økonomi og organisasjon

Eventuelle ytterlegare kommentarar i høve til sektoren sin gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt:

Amfi/terrasse til dagsturhytta

Teige Nes Bygg As har fått i oppdrag å laga terrasse rundt dagsturhytta. Etter avtale skal terrassen stå ferdig innan 19.05.22.

Tur-/ gangsti til Hagabotnane idrettsanlegg

Kulturkontoret er ikkje involvert i tur-/ gangsti til Hagabotnane idrettsanlegg. Det kan verte aktuelt at kulturkontoret søker spelemidlar til prosjektet. Dette vert å kome attende til ved rapportering pr. 2. tertial.

IV. Andre økonomimoment 2022

Revidert nasjonalbudsjett

I revidert nasjonalbudsjett for 2022, som regjeringa la fram 12. mai var det desse effektane på kommunebudsjetta som sto mest sentralt;

- Pris- og kostnadsvekst er justert opp. Samla prisvekst for 2022 er justert opp frå 2,5 % til 3,7 %. Særskilt prisveksten på varer og tenester som spelar inn.
- Skatteanslaget for kommunane er justert mykje opp; samla 17,4 mrd. kr. Noko av denne skatteveksten beheld kommunane, medan ein del vert utlikna ved at kommunane får trekk i rammetilskotet sitt. 9,1 mrd. kr vert trekt samla sett etter ein nøkkel. Uansett tilseier desse signala frå statleg hald at 2022 vert eit godt skatteår.
- Når det gjeld pandemien og økonomien rundt denne, så kom det ingen avklaring kring kva som vert praksisen rundt kommunane sine meirkostnadar fyrste halvår 2022. Sentralt står ei arbeidsgruppe som er oppnemnt i høve til pandemien og kommunane sin økonomi rundt dette momentet. Arbeidsgruppa har levert rapport for 2020 og 2021, og det er konkludert med at kommunesektoren samla er kompensert utover dei berekna økonomiske verknadene av pandemien i 2020 og 2021. Arbeidsgruppa skal levere ein siste rapport innan 1. september 2022, og denne vil omhandle første halvår 2022. Regjeringa vil på denne bakgrunn vurdere kompensasjonen for i år i samband med nysalderinga av 2022-budsjettet.

Framsikt

Det er ein god og grundig rapportering frå einingane som dannar grunnlag for denne rapporten. Neste rapportering frå einingane er pr. mai som vert gjennomført i slutten av Juni. Denne rapporteringa, saman med rapporteringa pr. august vil danna grunnlaget for neste økonomirapportering til politisk nivå; økonomirapport pr. 2 tertial.

Fram til no har dette fungert særst godt, og både rådmann og økonomisjef har hatt god nytte av økonomigjennomgangane som vert gjennomført. Etter kvart vil ein ta i bruk Framsikt til rapporteringane både administrativt og til politisk nivå.

Budsjettreguleringar

- Grunna langt høgare straumkostnadar enn det ein kunne legge til grunn i budsjettet, så vert det gjort framlegg om ein budsjettauke på 0,7 mill. kr til teknisk drift på dette området. Det vil gje ei budsjettmessig dekning utover meirkostnadane for fyrste kvartal.

Det er å følgje med på straumkostnadane vidare, og fram mot rapportering pr. 2 tertial.

- Kursbudsjettet i kommunen treng ein styrking etter fleire år med pandemi der kurs og seminarverksemda har vore særst låg. I tillegg er det gjort ein del omorganiseringar og nyttilsetjingar som gjer at det er trong for litt meir midlar som kan gå til kurs- og kompetanseheving. Det vert difor gjort framlegg om at det vert løyvd 0,2 mill. kr til dette

føremålet. Summen vert budsjettert på HR- avdelinga.

Grunna nyttilsetjing og avspasering av timar på legetenesta så er ikkje budsjettramma på dette området tilstrekkeleg i 2022. Det vert difor gjort framlegg om å auka budsjettramma for legeteneste med 0,4 mill. kr.

Dei 1,3 mill. kr vert finansiert budsjettmessig ved å auka budsjettet på skattekapittelet med 1,3 mill. kr, og fordela dette på straumkostnadar – 0,7 mill. kr, kursbudsjett 0,2 mill. kr og legeteneste 0,4 mill. kr.

Finansiering – tilskot frå fylkeskommunen

Grunna ein inkurie og kompleksitet ved prosjekt Miljøgate - Ytre Tysse i samband med bygging av Tyssetunnellen, så vart ikkje ein forskottering av kommunen tilbakekravd og betalt tilbake frå fylkeskommunen. Denne forskotteringa på 1,7 mill. kr vart det sendt refusjon på april 2022. Fylkeskommunen har stadfesta at dei refunderer beløpet over som det vert vist til er brukt.

Revidering av eit punkt i Samnanger kommune sitt innkjøpsreglement

Innkjøpsreglementet til Samnanger kommune vart revidert og vedteke av kommunestyre i 2018. I dette reglementet er det eige punkt på kjøp under 100 000 kr. Beløp under den grensa er unnateke forskrift om offentlege anskaffingar. Sjølv om kommunen er pliktig til å følgja anskaffelseslova, så er det ikkje same krav til prosedyre og dokumentasjon rundt kjøp under 100 000 kr. Samnanger kommune har lagt inn eit dokumentasjonskrav på kjøp mellom 15 000 kr og 100 000 kr som er strengare enn det som ligg i anskaffelseslova. I punktet står det at kjøp av varer og tenester skal dokumenterast skriftleg for at konkurranse skal vere synleggjort.

Rådmannen ser ikkje grunn til at Samnanger kommune skal gå lenger enn lova når det gjeld krav til dokumentasjon og konkurranse. Særleg når sektoren som vert mest påverka av kravet, Samfunnsutvikling, melder at det verken er mogleg å følgje opp, eller er tenleg med eit slikt ekstra krav. Dette gjev meirarbeid i prosjekt og i den daglege drifta, og dette er bruk av tid som kunne vore brukt annleis. Rådmannen gjer difor framlegg i denne saka om å fjerne det ekstra punktet til dokumentasjon under punkt nr 11 i innkjøpsreglementet. Innkjøpsreglementet er vedlagt saka.

Oppsummering

Det vert etter 1. tertial meldt ein prognose som tilseier eit positivt budsjettavvik i rekneskapen ved utgangen av året på 9 mill. kr. Det er å påpeike at det tidleg på året vil vere usikkerheit i årsprognosen. Resultatet kan i verste fall verte på 3 mill. kr i budsjettmessig overskot, og i beste fall vert resultatet opp mot 15 mill. kr. Det er difor viktig å sjå an dei neste månadane fram mot rapportering pr. 2. tertial før ein set ein meir sikker prognose for årsresultatet.

Under risikomoment er det sett opp dei punkta som er mest interessante framover i høve til dette.

Årsprognosen til kommunen kan summerast opp i tabellen under;



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-223
Arkivsaksnr: 21/302	Løpenr: 22/3946
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	021/2022
Kommunestyret		

Prinsipp for handsaming av generelle søknader om tilskot til Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane *Kulturmidlar*, *Vilt- og fiskefondet* og *Tilskot til ungdomstiltak*. For søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningsliner og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningsliner.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningsliner.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er over kr 10 000 vert tatt opp til politisk handsaming. Søknadssummen må overstiga kr 10 000 og verta vurdert av rådmann til å ha særskilt monnaleg verdi for kommunen.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er under kr 10 000 vert handsama som delegert vedtak ved rådmann. Det vert kun vurdert å gje støtte til nye tiltak som ikkje er vorte gjennomført tidlegare, og som har ein snarleg tidsfrist for gjennomføring. Søknader om tilskot til drift og vedlikehald eller andre tiltak som kan søkast om innan ordinære fristar vert ikkje vurdert.

Dokument som er vedlagt:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar
Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune
Retningsliner for tilskot til ungdomstiltak

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknader og svarbrev som er vist til som døme i saksframlegget.

Kva saka gjeld:

I formannskapet 24.03.22 viste ordføraren til ein førespurnad frå Røde Kors-avis om kommunal annonsering. Ordføraren ønska prinsippvedtak om kva policy kommunen skal ha for annonsering hos frivillige organisasjonar/tilsvarande. Formannskapet bad om å få opp sak om dette.

I etterkant av møtet er ordføraren og rådmannen vorte samd om at saka bør inkludere ei utgreiing av prinsipp som skal ligge til grunn for meir generelle søknader om støtte til Samnanger kommune frå ulike veldedige/ideelle organisasjonar m.m.

Vurderingar og konsekvensar:

I Samnanger kommune har me tre kommunale tilskotsordningar. Det er tilskotsordningane *Kulturmidlar*, *Vilt- og fiskefondet* og *Tilskot til ungdomstiltak*.

Det er vedteke retningslinjer for kvar tilskotsordning. Søknadsfristen er mars/april kvart år. *Kulturmidlar* vert handsama som delegert sak, medan *Vilt- og fiskefondet* vert handsama av naturutvalet og *Tilskot til ungdomstiltak* av ungdomsrådet. Totalt vert det teke sikte på å tildele om lag kr 375 000 i året.

Vanlegvis kjem det nokre søknader utanom søknadsfristane til dei nemne tilskotsordningane. I desse tilfella er følgjande vorte gjort:

- I dei fleste tilfelle visar me til dei tilskotsordningane, retningslinjene og fristane kommunen driv og ber vedkomande søka på aktuelle tilskotsordningane innan fristen. Alle har rett til å søka, men me informerer søkeren fortløpande om søknaden kjem inn under eller fell utanfor ordningane.

Eit døme er søknad om kr 5 000 i støtte til Torgdagen i Bergen 2021. I følgje retningslinjene til *Kulturmidlar* kan «organisasjonar, foreiningar og institusjonar utanfor kommunen kan få tilskot når arbeidet deira er av særskild monnaleg verdi for Samnanger». I dette tilfellet viste me til søknadsordninga og fristen for å søka, men gav også ei tilbakemelding om at søknaden vart vurdert til å felle utanom søknadsordninga.

- I nokre tilfelle ser ein at søknaden kan ha monnaleg verdi for kommunen, men det er ulike årsaker til at ein ikkje kan handsama søknaden gjennom dei tre nemnde ordningane. Det kan t.d. vera at søknadsbeløpet er stort samanlikna med tildelingspotten eller at søker må ha tilbakemelding på søknaden før dei ordinære ordningane vert handsama. I slike tilfelle lagar me sak til politisk handsaming.

Eit døme er søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft i 2018.

Arrangementet vart vurdert til å ha monnaleg verdi for Samnanger kommune. Arrangørane tok sikte på å selje 1000-2000 billetter. På grunn av størrelsen på arrangementet var det behov for å gje eit svar på søknaden god tid i forkant. Fristen for å søka kulturmidlar ville berre vore om lag tre månader i forkant.

- I nokre tilfelle er det meir utfordrande å veta kva som vert rett å gjera. Det kjem – og har kome - søknader om støtte frå lokale frivillige lag og organisasjonar utanom fristane til dei tre tilskotsordningane. Fleire av desse ville gjerne vore tilskotsberettiga om det vart søkt innan fristen. Nokre krev eit snarleg svar for å kunne gjennomførast.

Kulturavdelinga har kome nokre av søknadane i møte når søknadane t.d. speglar aktivitetar som avdelinga har budsjettert for innafor eiga ramme.

Eit døme på ei vanskeleg avgjersle er spørsmål frå Samnanger Pride om tilskot til markering av Samnanger Pride 25.06.2022. I 2021 fekk dei eit tilskot på kr 5 000 til markeringa. I svarbrevet står det ikkje noko om grunngjeving for tildeling, men ein regner med det har vore høve til å dela ut midlar grunna korona og låg aktivitet i kulturavdelinga. I år ber Samnanger Pride òg om eit tilskot til markering, men kulturkontoret har per i dag ikkje noko rom for det i budsjettet.

Det fins òg ulike nasjonale, regionale, statlege og private tilskotsordningar som frivillige lag og organisasjonar kan søka på. Me visar til desse dersom det er naturleg.

Forslag til prinsipp om handsaming av generelle søknader om tilskot til Samnanger kommune

Alternativ 1

Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane *Kulturmidlar*, *Vilt- og fiskefondet* og *Tilskot til ungdomstiltak*. For søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningslinjer og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er over kr 10 000 vert tatt opp til politisk handsaming. Søknadssummen må overstiga kr 10 000 og verta vurdert av rådmann til å ha særskilt monnaleg verdi for kommunen.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er under kr 10 000 vert handsama som delegert vedtak ved rådmann. Det vert kun vurdert å gje støtte til nye tiltak som ikkje er vorte gjennomført tidlegare, og som har ein snarleg tidsfrist for gjennomføring. Søknader om tilskot til drift og vedlikehald eller andre tiltak som kan søkast om innan ordinære fristar vert ikkje vurdert.

Alternativ 2

Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane *Kulturmidlar*, *Vilt- og fiskefondet* og *Tilskot til ungdomstiltak*. For søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningslinjer og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden (t.d. spelemidlar). Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane vert ikkje vurdert.

Alternativ 3

Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane *Kulturmidlar*, *Vilt- og fiskefondet* og *Tilskot til ungdomstiltak*. For søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningslinjer og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden (t.d. spelemidlar). Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.

- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune vert tatt opp til politisk handsaming uavhengig av storleik på søknadssum.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/730	Løpenr: 22/3083
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	022/2022
Kommunestyret		

Evaluering av prøveordning med talerett i kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtok 25.02.2021 eitt-årig prøveordning med talerett i kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Prøveordninga vert med verknad frå 16.06.2022 omgjort til fast ordning. Vedtaket vert gjort med heimel i § 2 i forskrift om medvirkningsordningar.

Rådmannen får ansvar for å få på plass rutinar som sikrar god informasjon til ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne om kva saker som skal opp i kommunestyret.

Som følge av vedtaket vert ordlyden i punkt 2.30 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet endra til:

«2.30 Talerett og uttalerett

Ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne har talerett i kommunestyret. Taleretten gjeld i saker som gjeld høvesvis ungdom (ungdomsrådet), eldre (eldrerådet) og personar med nedsett funksjonsevne (rådet for personar med nedsett funksjonsevne). Maksimal taletid per sak er fem minutt. Innlegg skal haldast i starten av saka og før debatten opnar. Ordføraren skal på førehand, i rimeleg tid før møtet, informerast om at taleretten vil verta brukt og kva saker dette gjeld.

I tillegg kan valde representantar for brukargrupper av kommunale tenester i særlege høve, når kommunestyret finn dette føremålstenleg, få høve til å uttala seg eller gje kommentarar til ei einskild sak. Slike grupper skal på førehand, i rimeleg tid før møtet, melda frå til ordføraren om eit slikt ønske. Det er kommunestyret gjennom fleirtalsvedtak som kan gje slikt løyve.»

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Saksutgreiing og vedtak kommunestyret 25.02.2021 i sak KS-018/2021 (https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021001505&)

- Kommuneloven § 5-12 (<https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§5-12>)
- Forskrift om medvirkningsordninger (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-727>)
- Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet (<https://www.samnanger.kommune.no/siteassets/reglement-og-vedtekter/politisk-----kommunestyret-m.fl/reglement-politiske-utval-----vedteke-i-kommunestyret-25.09.2013---ajourfort-mars-2022.pdf>)

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok 25.02.2021 (KS-sak 018/2021) eitt-årig prøveordning med talerett i kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Det går fram av vedtaket at ordninga skal evaluerast når prøveperioden er omme.

Rådmannskontoret sende 01.04.2022 eit brev til ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Det vart der bedt om at organa innan 20.05.2022 uttalar seg om følgjande:

1. Korleis meiner de prøveordninga har fungert?
2. Bør prøveordninga forlengast? Bør det i så fall gjerast endringar i ordninga?
3. Bør det innførast fast ordning med talerett i kommunestyret? Bør det i så fall gjerast endringar i forhold til prøveordninga?

Ungdomsrådet har gitt uttale i saka. Informasjon om uttalen følgjer lenger nede i saksutgreiinga.

Om kommunestyret sitt vedtak 25.02.2021 om innføring av prøveordning:

I andre avsnitt i kommunestyrevedtaket frå 25.02.2021 står det følgjande om prøveordninga:

- *Som ei prøveordning med eit års varighet får ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne talerett i kommunestyret. Talerett gjeld saker som omhandlar høvesvis ungdom (ungdomsrådet), eldre (eldrerådet) og personar med nedsett funksjonsevne (rådet for personar med nedsett funksjonsevne) og maksimal taletid pr. sak er 5 minutt. Innlegg skal haldast i starten av saka og før debatt opnar. Ordførar skal informerast om at talerett vil bli brukt og kva saker det gjeld før møtet startar. Når prøvetida er omme skal ordninga evaluerast.*

Reglar i lovverket:

Det går fram av § 5-12 i kommunelova at ungdomsrådet er rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttala seg i saker som gjeld ungdom. Tilsvarende regel gjeld også for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne innanfor saksområda deira.

I forskrift om medvirkningsordninger er det fastsett nærmare reglar om ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna retten desse organa har til å uttala seg i alle saker som gjeld høvesvis ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Det går også fram av forskrifta (§ 2) at kommunestyret kan gje medlemmer av råda møte- og talerett i folkevalde organ.

Innkomne svar/uttalar om prøveordninga:

Svar/uttale frå ungdomsrådet (vedteken av ungdomsrådet 05.04.2022):

1. *Ungdomsrådet har ikkje hatt så mange saker dei har uttalt seg i, men meiner at prøveordninga har fungert slik som UR har sett for seg.*
2. *Ungdomsrådet ønsker at ordninga med talerett bør fortsetja og helst bli ei fast ordning.*
3. *UR meiner at det bør innførast fast ordning med talerett. I følgje "forskrift om medverknadsordningar" med heimel i LOV-2018-06-22-83-§5-12 er formålet og sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad frå mellom anna ungdomsråd. I forskriftas paragraf 2 står det at: "Rådene har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. Slike saker skal kommunestyret, fylkestinget eller andre folkevalde organ førelegga for råda."*

For å ivareta paragrafen meiner UR medlemmene at det er viktig at dei har talrett i kommunestyret.

Kilde: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-727>

Det har ikkje kome inn uttalar frå eldrerådet eller rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Vurderingar og konsekvensar:

Prøveordninga med talerett i kommunestyret har vorte svært lite brukt. Moglege årsaker til dette kan for eksempel vera:

- Organa (ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne) har ikkje fått tilstrekkeleg informasjon om kva saker som skal opp til handsaming i kommunestyret. Manglande rutinar for informasjon til organa.
- Organa har ikkje fått nok informasjon om sjølve prøveordninga.
- Møteplanen (møtedatoane) til organa er ikkje tilstrekkeleg koordinert med møteplanen til kommunestyret.
- Kommunestyret handsamar sjeldan saker der det er aktuelt/relevant for organa å bruka taleretten sin.

Ting som bør på plass dersom det skal innførast fast ordning med talerett

Dersom prøveordninga med talerett i kommunestyret skal omgjerast til ei fast ordning, vil det vera behov for å få på plass rutinar som sikrar god informasjon til organa om kva saker som skal opp i kommunestyret. Nokre saker er faste på «årshjulet» til kommunestyret (for eksempel økonomiplan/årsbudsjet i desembermøtet). Slike saker vil det vera relativt enkelt å få sendt ut informasjon om i god tid før møta. Andre saker kan «dukka opp» på relativt kort varsel i løpet av året. Slike saker kan det vera meir utfordrande å få sendt ut god informasjon om i god tid før møta.

Det bør også innførast fast rutine med at lenke til sakspapira til kommunestyret blir sendt til leiarane i organa når møteinnkallinga blir ferdigstilt/publisert. Møteinnkallingar blir publiserte ei veke før kommunestyremøta.

Dersom det blir innført fast ordning med talerett i kommunestyret, bør dette også innarbeidast i kommunen sitt reglement for kommunestyret m.fl. Reglementet har i dag følgjande punkt om talerett og uttalerett (punkt 2.30):

2.30 Talerett og uttalerett

Medlemmer av eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet og valde representantar for brukargrupper av kommunale tenester kan i særlege høve, når styreorganet finn dette føremålstenleg, få høve til å uttala seg eller gje kommentarar til ei einskild sak. Slike grupper skal på førehand i rimeleg tid før møtet, melde frå til møteleiaren om eit slikt ynskje. Det er styreorganet (kommunestyret) gjennom fleirtalsvedtak som kan gje slikt løyve.

Konsekvensar

Det er vanskeleg å sjå for seg at det vil ha spesielle negative konsekvensar dersom prøveordninga med talerett i kommunestyret blir forlenga, eller omgjort til ei fast ordning. Kommunestyret vil uansett også ha moglegheit til å avvikla ordninga dersom den ikkje fungerer.

Positive konsekvensar vil vera at ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne får ein fast rett til å uttala seg om saker direkte i kommunestyret.

Konklusjon og tilråding

Rådmannen tilrår at prøveordninga som kommunestyret vedtok 25.02.2021 vert omgjort til ei fast ordning. For at ordninga skal fungera best mogleg, må det arbeidast med å få på plass rutinar som sikrar god informasjon til organa om kva saker som skal opp i kommunestyret. Ordninga må også innarbeidast i kommunen sitt reglement for kommunestyret m.fl.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 21/353	Løpenr: 22/3137
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	023/2022
Kommunestyret		

Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett ned eit arbeidsutval som får i oppgåve å utarbeida og leggja fram forslag til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar i kommunestyret. Forslaget skal leggjast fram for handsaming i kommunestyret seinast i desember 2022.

Arbeidsutvalet har følgjande fem medlemmer:

-
-
-
-
-

Arbeidsutvalet vel sjølv leiar og nestleiar. Det skal utbetalast full sats for møtegodtgjering til medlemmene i utvalet.

Rådmannen må sørjga for nødvendig sekretærhjelp til utvalet.

Dokument som er vedlagt:

Reglar for interpellasjonar og spørsmål i Bjørnafjorden kommune
Reglar for interpellasjonar og spørsmål i Kvam herad
Reglar for interpellasjonar og spørsmål i Moss kommune
Reglar for interpellasjonar og spørsmål i Sandefjord kommune
Reglar for interpellasjonar og spørsmål i Molde kommune
Samanlikning mellom noverande reglar og utkast til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og

kontrollutvalet

(<https://www.samnanger.kommune.no/innhold/politikk-og-hoyringar/for-folkevalde/>)

Møtet er satt - hefte frå KS (2020, 5. utgave)

(<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/HaandbokMoetetErSatt.PDF>)

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok 07.04.2022 å be om å få opp ei sak i neste kommunestyremøte om kommunen sine reglar/reglement for interpellasjonar.

Dei noverande reglane for interpellasjonar står i kommunen sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet. Reglane er fordelt på fleire ulike punkt i reglementet, og har stått uendra i kommunen sitt reglement sidan 2013. Det er berre i kommunestyret det er opna for interpellasjonar, ikkje i andre organ i kommunen.

Interpellasjonar er ikkje ei lov-/forskriftsfesta ordning i kommunal sektor, slik det er for Stortinget. For Stortinget er reglar for interpellasjonar fastsette i forskrift om Stortingets forretningsorden. Sjølv om det ikkje er lovfesta i kommunal sektor, er det likevel vanleg i norske kommunar å ha ordning med interpellasjonar. Reglane for interpellasjonar kan variera ein god del frå kommune til kommune.

Lovgrunnlag for interpellasjonar og spørsmål:

Kommunelova § 11-2 fjerde ledd: «*Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på saklisten.*»

Denne regelen gjeld for alle kommunale folkevalde organ. Mange kommunar har vedteke eigne reglar for slike spørsmål, gjerne kalla grunngjevne spørsmål og interpellasjonar. Uavhengig av kva reglar kommunen vedtek, vil dei ikkje kunne avskjera den enkelte medlemmen sin lovfesta rett til å stilla også uvarsla spørsmål i møtet, også etter at møtet er sett.

Det er ikkje noko krav i kommunelova om at det skal gjevast uttømmende svar på spørsmål i møtet. Dette vil også gjelda for spørsmål som er melde inn før møtet.

Informasjon frå Kommunesektorens organisasjon (KS) om interpellasjonar:

I heftet Møtet er satt (Kommunesektorens organisasjon, 2020, 5. utgåve) står det mellom anna følgjande om interpellasjonar:

«INTERPELLASJONER OG GRUNNGITTE SPØRSMÅL

I kommuneloven står det at medlemmer av folkevalgte organer kan «rette forespørslar til lederen i møtet, også om saker som ikke står på saklisten». Loven gir verken lederen eller administrasjonen noen plikt til å følge opp med et fullstendig svar eller en saksutredning.

For å fylle ut denne bestemmelsen i kommuneloven har mange kommunestyre og fylkesting vedtatt egne reglementer for det vi kaller grunngitte spørsmål og interpellasjoner.

Noen kommuner har en ordning der de folkevalgte kan komme med private forslag i kommunestyret om saker som naturlig hører inn under kommunestyrets virkeområde. Kommunestyrets eget regelverk setter rammer for hvordan dette foregår.

Kommunestyrets eller fylkestingets reglement bør inneholde bestemmelse om interpellasjoner og grunngitte spørsmål, eventuelt private forslag.»

Noverande reglar om interpellasjonar i Samnanger kommune sitt reglement:

I punkt 1.1 i reglementet til kommunen er interpellasjon definert som følgjer:

«*Dersom eit eller fleire medlemmer i kommunestyret ønskjer å fremja ei sak, men ikkje når fram på*

dei vanlege måtane, kan dei reisa eit spørsmål og gjera greie for bakgrunnen for å ta opp saka direkte i møtet.»

I reglementet til kommunen er det vidare fastsett følgjande hovudreglar for interpellasjonar:

- Spørsmål og interpellasjonar skal til vanleg koma først i møtet (punkt 2.10 og 2.20.3).
- Kommunestyremedlemmene har rett til å fremja interpellasjonar for politisk handsaming i kommunestyret (punkt 2.16).
- Enkle førespurnader om konkrete saker kan fremjast som spørsmål til ordførar (punkt 2.20.1). Førespurnader av prinsipiell art, der det vert føresett meir omfattande svar og eventuelt debatt, vert å handsama som interpellasjon (punkt 2.20.2).
- Spørsmål må fremjast seinast to vekedagar før kommunestyremøtet (punkt 2.20.1).
- Interpellasjonar skal meldast skriftleg minst sju dagar før møtet (punkt 2.20.2).
- Under den fulle handsaminga av interpellasjonen kan interpellanten, ordføraren og den som svarer på interpellasjonen, om dette er ein annan enn ordføraren, få ordet to gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong (punkt 2.20.2).
- Det skal som hovudregel ikkje nyttast meir enn 30 minuttar til spørsmål og interpellasjonar ved kvart kommunestyremøte (punkt 2.20.3).
- Dersom fleirtalet i kommunestyret er samd i det, skal framlegg som er fremja under spørsmål og interpellasjonar, normalt sendast over til rådmannen eller det politiske organet som har ansvaret for saksområdet. Kommunestyret kan òg realitetshandsama forslag og fatta vedtak i slike saker, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av kommunestyremedlemmene set seg imot dette (punkt 2.20.6).

I Samnanger kommune kan det i prinsippet i dag vera tre ulike kategoriar av interpellasjonar:

1. Interpellasjonar som er reine spørsmål (av prinsipiell karakter), der det ikkje blir bedt om at kommunestyret gjer eit vedtak.
2. Interpellasjonar der eit tema blir teke opp, der det blir bedt om at kommunestyret gjer vedtak om å få lagt fram ei sak om temaet i eit seinare møte.
3. Interpellasjonar der eit tema blir teke opp, der det blir bedt om at kommunestyret gjer eit realitetsvedtak under handsaminga av interpellasjonen.

Informasjon om interpellasjonar i forarbeida til den nye kommunelova:

I forarbeida til den nye kommunelova frå 2018 vart interpellasjonar og spørsmål omtalt, inkludert departementet sitt syn på korleis interpellasjonar skal handsamast. Sjå spesielt Prop. 46 L (2017-2018) side 156:

«Departementet er kjent med at en rekke kommuner har vedtatt ordninger med at medlemmer kan fremme interpellasjoner. Interpellasjoner, slik man kjenner det fra Stortinget, er forhåndsinnmeldte og grunngitte spørsmål fra et medlem som skal besvares i møtet, og hvor det er en påfølgende debatt. I en slik interpellasjon skal det ikke være forslag om å vedta noe, men man etterspør en redegjørelse om en sak. Behandlingen av en interpellasjon skal i utgangspunktet ikke føre til at det treffes et vedtak, uttalelse eller annen avgjørelse som krever en avstemning. Forslag som fremmes sammen med interpellasjonen i forkant av møtet, eller i forbindelse med organets behandling av interpellasjonen, skal etter departementets syn anses som en sak etter § 11-3, og ikke som et spørsmål etter § 11-2 fjerde ledd. Det innebærer at framsatte interpellasjoner, som inneholder konkrete forslag organet skal ta stilling til, må behandles etter reglene om å få en sak på saklisten. Dersom forslaget fremmes i forbindelse med organets behandling av interpellasjonen, vil det være å anse som «ny sak» etter § 11-3 femte ledd, og det skal behandles deretter. Interpellasjoner med forslag til vedtak fremmet i forkant av møtet, skal behandles etter § 11-3 første ledd eller § 11-2 andre ledd bokstav c) dersom 1/3 av medlemmene krever saken behandlet.

En interpellasjon, som bare inneholder spørsmål og ønske om et svar, og som sendes til møtelederen på forhånd, vil være omfattet av § 11-2 fjerde ledd, og skal behandles som spørsmål. Spørsmål etter

denne bestemmelsen kan stilles både på forhånd, og under selve møtet. Interpellasjonen skal derfor påføres sakslisten, og kan bare nektes behandlet etter reglene i § 11-3 fjerde ledd. Det vil ikke være opp til organets leder å avgjøre om saken skal på sakslisten eller ikke. Det er derfor viktig at både den som fremmer saken og organets leder er klare og tydelige på hva som er en interpellasjon og hva som er et ønske om å få sak (som krever votering) på sakslisten.»

Tolkingsuttalar frå departementet

I ein tolkingsuttale frå 2020 (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-11-2-og-11-3-behandlingen-av-interpellasjoner-og-fremsatte-forslag-til-vedtak/id2787091/>) skriv departementet meir om skiljet mellom spørsmål som skal svarast på av organet sin leiar, og det å fremja eit forslag som krev votering og oppfølging av administrasjonen.

I ein annan tolkingsuttale frå 2021 (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nar-et-sporsmal-bare-skal-vare-et-sporsmal-om-interpellasjoner-i-kommunene/id2834727/>) skriv departementet om når eit spørsmål ikkje lenger er ein interpellasjon. Departementet skriv der mellom anna følgjande:

«Interpellasjoner, slik vi kjenner det fra Stortinget, er en form for forhåndsinnmeldte og grunngitte spørsmål som skal besvares i et møte, og hvor det er en påfølgende kort debatt i etterkant av det første svaret. For Stortinget er dette regulert i Stortingets forretningsorden § 68. En interpellasjon skal ikke føre til at det treffes et vedtak, og det står i § 68 siste ledd at det ikke kan fremsettes forslag i tilknytningen til behandlingen av en interpellasjon. Slik mener departementet interpellasjonsinstituttet også som hovedregel skal være i kommunene.»

.....

«Dersom interpellasjonen som sendes av et medlem i forkant av møtet inneholder forslag til et slags vedtak, som f.eks. at et spørsmål skal utredes av administrasjonen eller at kommunestyret skal gi en uttalelse eller også mer typiske realitetsvedtak som å gi en tillatelse eller treffe andre enkeltvedtak, er det ikke lenger en interpellasjon. Den vil være en "sak" som skal behandles etter § 11-3 første ledd. Enkeltmedlemmer har ikke rett til å kreve at denne typen sak settes på sakslisten, da retten kun gjelder for interpellasjoner/spørsmål (dvs. uten noen forslag som skal stemmes over).»

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannskontoret forstår kommunestyret sitt vedtak frå 07.04.2022 slik at det ikkje er aktuelt å ta vekk ordninga med interpellasjonar i kommunestyret. Det er i denne saksutgreiinga derfor ikkje drøfta/vurdert om kommunen framleis bør ha ordning med interpellasjonar. Det er berre reglane for interpellasjonar som er drøfta/vurdert, samt reglane for spørsmål (grunngevnne spørsmål).

Kommunen sine reglar for interpellasjonar kan truleg gjerast meir oversiktlege enn i dag. Det same gjeld reglane for spørsmål (grunngevnne spørsmål). Det vil uansett truleg ikkje vera mogleg å utarbeida reglar som er så eintydige at dei ikkje gir eit visst rom for skjønn/tolking, ref. tolkingsuttalane frå departementet som det er vist til ovanfor i saksutgreiinga.

I forarbeida til den gjeldande kommunelova og i tolkingsuttalar frå departementet er det peika på at interpellasjonar primært bør vera førehandsinnmelde spørsmål som skal svarast på i eit møte, med ein påfølgande debatt. Departementet skil ganske tydeleg mellom slike interpellasjonar (spørsmål) og interpellasjonar («saker») der det er lagt opp til at det skal gjerast eit vedtak. Departementet peikar på at det i kommunelova er ulike reglar for handsaming av høvesvis spørsmål og saker. Praksisen i Samnanger er at mange interpellasjonar inneheld forslag til vedtak, samt at kommunestyret i ein del tilfelle gjer vedtak når interpellasjonar blir handsama. I Samnanger er interpellasjonar ein måte for enkeltmedlemmer eller grupperingar i kommunestyret til å få sett saker på dagsorden og få dei opp til realitetshandsaming.

Det kan kanskje vera eit alternativ å ha ulike reglar for handsaming av interpellasjonar som er reine spørsmål og interpellasjonar der det er lagt opp til at det skal gjerast vedtak. Det må i så fall sjåast på korleis slike reglar kan utformast.

Ei utfordring med ein praksis der mange vedtak blir gjort gjennom interpellasjonar, er at det kan koma i strid med den utgreiingsplikta rådmannen (kommunedirektøren) har etter kommunelova. Det går fram av § 13-1 i lova at rådmannen skal sjå til at saker som blir lagt fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidd, og at utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffa vedtak.

Ideelt sett bør heile reglementet for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet gåast gjennom og reviderast. Reglementet vart vedteke i 2013 og er basert på kommunelova frå 1992, ikkje på den noverande kommunelova. Eit eventuelt vedtak om oppstart av arbeid med revisjon av reglementet må gjerast av kommunestyret. I denne saksutgreiinga er det berre sett på reglane for interpellasjonar og spørsmål, ikkje heile reglementet.

Nedanfor følgjer to alternativ for korleis revisjon av kommunen sine reglar om interpellasjonar og spørsmål kan gjerast.

Alternativ 1 - Setja ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida forslag til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar:

I påvente av revisjon av heile reglementet, vil det vera mogleg å berre revidera reglane for interpellasjonar og spørsmål. Rådmannskontoret vil i så fall foreslå at kommunestyret set ned eit arbeidsutval som får ansvar for å utarbeida forslag til reviderte reglar for interpellasjonar og spørsmål og leggja dette fram for kommunestyret. Det bør vera tilstrekkeleg med fem medlemmer i eit slikt arbeidsutval. Kommunestyret må ta stilling til kven som skal vera medlemmer.

Alternativ 2 - Mogleg forslag til reviderte reglar for interpellasjonar og spørsmål:

I tilfelle kommunestyret ikkje ønskjer å setja ned eit arbeidsutval, ref. Alternativ 1 ovanfor, har rådmannskontoret utarbeidd eit mogleg forslag (utkast) til reviderte reglar for interpellasjonar og spørsmål. Forslaget følgjer nedanfor. I samband med arbeidet med forslaget har me sett på reglane til nokre andre kommunar (Bjørnafjorden, Kvam, Sandefjord, Molde og Moss). Kopi av desse kommunane sine reglar følgjer vedlagt.

Forslaget (utkastet) som rådmannskontoret har utarbeidd inneber følgjande faktiske endringar i forhold til dei noverande reglane i Samnanger:

1. Definisjonen av interpellasjon i punkt 1.1 blir endra.
2. Interpellasjonar skal til vanleg koma til slutt i møtet (ikkje først i møtet).
3. Tittelen i punkt 2.16 blir endra frå «Fremja sak - framlegg til vedtak» til «Framlegg til vedtak», og det første avsnittet i punktet blir teke vekk. Det er også gjort ei justering i setninga om at framlegg i saker som er unnatekne frå offentleg innsyn ikkje skal sendast på e-post.
4. Fristen for å levera interpellasjonar vert auka frå sju til åtte dagar før møtet. Dette vert gjort for at det skal vera mogleg å senda ut alle interpellasjonar saman med møteinnkallinga òg veke før møtet.
5. Oppbygginga av punkt 2.20 m/underpunkt er endra - nokre av underpunta er flytta. Det er også gjort nokon faktiske endringar i punktet.

Dersom Alternativ 2 vert valt, kan ein mogleg vedtakstekst i saka vera som følgjer:

«Forslaget til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar som rådmannen har utarbeidd, vert vedteke. Dei reviderte reglane gjeld frå og med 01.07.2022. Rådmannen får ansvar for å oppdatere kommunen sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet innan denne datoen.»

(Dersom Alternativ 2 vert vald): Forslag til reviderte reglar for interpellasjonar og spørsmål:

Punkt 1.1 Definisjon av interpellasjon

Utanom dei sakene som vert administrativt førebudde og lagde fram for kommunestyret, kan kvar medlem av kommunestyret retta førespurnad til ordføraren i form av interpellasjon etter reglane i punkt 2.20.1 i dette reglementet.

Punkt 2.16 Framlegg til vedtak

Berre møtande representantar/vararepresentantar kan koma med framlegg i møte. Framlegget skal formast ut skriftleg, og sendast til alle representantane samt rådmannen i kommunestyremøtet slik at dei kan lesa det. Møtesekretæren skal også ha kopi slik at framlegget lett kan førast inn i protokollen.

Framlegg i saker som er unnatekne frå offentleg innsyn skal ikkje sendast på e-post. Det same gjeld og for framlegg i andre saker, dersom framlegget inneheld opplysningar som er unnatekne frå offentleg innsyn.

Rådmannen eller den som møter på hans/hennar vegner, har talerett (jf. pkt. 2.7), men ikkje formell rett til å koma med framlegg i møtet. Eventuelle framlegg frå rådmannen som ikkje er ein del av tilrådinga må difor takast opp og fremjast av personar som har formell rett til å koma med framlegg i høve til dette reglementet.

Etter at strek er sett, kan det ikkje fremjast nye framlegg til vedtak. Framlegg som er komne før strek er sett, kan ikkje trekkjast etter at strek er sett.

Møteleiaren skal ta opp att og referera framlegga før røysting skjer, og forsikra seg om at alle har fått høve til å lesa framlegga.

Punkt 2.20 Interpellasjonar, spørsmål og temadrøftingar

Punkt 2.20.1 Interpellasjonar

Utanom dei sakene som vert administrativt førebudde og lagde fram for kommunestyret, kan kvar medlem av kommunestyret i medhald av kommunelova § 11-2 fjerde ledd retta førespurnad til ordføraren i form av interpellasjon, etter følgjande reglar:

- a. Interpellasjonar må gjelda førespurnader av meir prinsipiell karakter enn enkle spørsmål.
- b. Interpellasjonar må vera innleverte skriftleg så tidleg som mogleg før kommunestyremøtet, seinast åtte kalenderdagar før møtet (dvs. at dersom møtet er for eksempel på ein torsdag, må interpellasjonen innleverast seinast kl. 24:00 onsdag i veka før møtet).
- c. Interpellasjonen vert gjort kjent for medlemmene i kommunestyret ved at den vert sendt ut sammen med saksdokumenta og saklista (møteinnkallinga).
- d. Interpellasjonar vert handsama til slutt i møtet, etter at dei andre sakene på saklista er ferdig handsama. Interpellasjonar vert normalt handsama i den rekkefølga dei vart innlevert til kommunen. Kommunestyret kan, med vanleg fleirtal, fråvika dette.
- e. Interpellanten les opp interpellasjonen i møtet. Dersom interpellanten ikkje er til stades i møtet, kan ein annan representant lesa opp interpellasjonen.
- f. Ordføreren svarar på interpellasjonen i møtet.
- g. Ved eventuelt ordskifte i samband med interpellasjonen, kan interpellanten, ordføreren og rådmannen ha ordet to gongar. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong. Dersom ein interpellasjon er fremja av fleire medlemmer, får berre ein av desse talerett som interpellant.
- h. Eventuelle framlegg som vert sette fram i samband med interpellasjonen, kan ikkje avgjerast i møtet, dersom ordføreren eller 1/3 av dei møtande kommunestyremedlemmene motset seg dette. Jf. reglar i kommunelova § 11-3 femte ledd.

Punkt 2.20.2 Grunngeve spørsmål

I tillegg til førespurnader i form av interpellasjon, kan kvar medlem av kommunestyret i medhald av kommunelova § 11-2 fjerde ledd retta førespurnad til ordføraren i form av grunngeve spørsmål, etter

følgjande reglar:

- a. *Grunngjevne spørsmål må gjelda konkrete og ikkje prinsipelle saker.*
- b. *Grunngjevne spørsmål må vera levert inn skriftleg så tidleg som mogleg før møtet, seinast to kalenderdagar før møtet (dvs. at dersom møtet er for eksempel på ein torsdag, må interpellasjonen innleverast seinast kl. 24:00 på tysdag).*
- c. *Ordføreren avgjer om grunngjevne spørsmål skal svarast på før eller etter dei ordinære sakene i møtet.*
- d. *Grunngjevne spørsmål vert normalt svara på i den rekkefølga dei vart innlevert til kommunen. Kommunestyret kan, med vanleg fleirtal, fråvika dette.*
- e. *Den som har meldt inn spørsmålet, rettar sjølv spørsmålet munnleg til ordføreren i møtet. Dersom den som har meldt inn spørsmålet ikkje er til stades i møtet, kan ein annan medlem ta opp spørsmålet. Ordføreren kan svara sjølv, eller la rådmannen eller ein som opptrer på vegner av rådmannen svara.*
- f. *Ved handsaming av grunngjevne spørsmål kan den som har meldt inn spørsmålet og den som svarar, ha eit innlegg kvar. Dei kan dessutan ha ordet ein gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre skal ha ordet.*

2.20.3 Andre spørsmål - utvalet sitt kvarter

Hovudmålet med utvalet sitt kvarter er at representantane skal få høve til å stilla spørsmål om saker som ikkje står på dagsorden. Jf. den retten medlemmer av folkevalde organ har etter kommunelova § 11-2 fjerde ledd til å stilla spørsmål til møteleiaren. Spørsmål som blir stilt direkte i møtet, kan representanten ikkje rekna med å få utfyllande svar på.

Utvalet sitt kvarter skal leggjast først i møtet, som siste del av «Faste saker». Kommunestyret kan, med vanleg fleirtal, fråvika dette.

2.20.4 Tidsbruk for interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

Det skal som hovudregel ikkje nyttast meir enn 30 minuttar til interpellasjonar, grunngjevne spørsmål og andre spørsmål (Utvalet sitt kvarter) i møtet.

2.20.6 Framlegg m.m.

Under føresetnad av at eit fleirtal i kommunestyret er samd i det, skal framlegg som er fremja under interpellasjonar og spørsmål, normalt sendast over til rådmannen eller det politiske organet som har ansvaret for saksområdet. Kommunestyret kan og realitetshandsama forslag og fatta vedtak i slike saker, dersom ikkje møteleiar (ordførar m.m.) eller 1/3 av kommunestyremedlemmene set seg imot dette, jf. kommunelova § 11-3 femte ledd.

2.20.6 Temadrøftingar/orienteringar

Ordføreren, i samråd med kommunestyret, kan leggja opp til temadrøftingar/orienteringar om spesielle emne. Slike møte eller delar av møte skal vera klårt skild frå det ordinære møtet/den ordinære saklista og skal anten leggjast i forkant eller etterkant av eit ordinært møte, eller som eit særskild temamøte.

Tilråding frå rådmannen:

Rådmannen tilrår Alternativ 1, d.v.s. kommunestyret set ned eit arbeidsutval som får i oppgåve å utarbeida og leggja fram forslag til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar. Dei folkevalde vil med dette alternativet sjølv kunne ta ei grundig vurdering av kommunen sine noverande reglar for interpellasjonar, korleis ordninga med interpellasjonar fungerer i dag, og kva endringar som eventuelt bør gjerast.

Rådmannen har ikkje framlegg til kven som skal vera medlemmer i arbeidsutvalet, men medlemmene bør sitja i kommunestyret. Reglane om kjønnsrepresentasjon må også følgjast.

Det bør også på eit eller anna tidspunkt setjast ned eit arbeidsutval som får i oppgåve å gå gjennom heile reglementet for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FA-C11
Arkivsaksnr: 22/278	Løpenr: 22/4154
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	024/2022
Kommunestyret		

Kommunal ordning med fritidskort for barn i Samnanger 6-18 år

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering. Rådmann kjem med framlegg til lokal kommunal ordning, budsjett og finansiering i framlegg til *Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026*.

Dokument som ikkje er vedlagt:

[Utprøving av fritidskortordning \(bufdir.no\)](http://bufdir.no)

[Aktiv fritid med inkluderende kommunikasjon \(aktiv-fritid.no\)](http://aktiv-fritid.no)

[Digital infrastruktur for fritidsaktivitet og frivillighet \(friskusas.no\)](http://friskusas.no)

Heimesidene til ulike kommunar som er med i prøveordninga

Innsendt søknad om å delta i prøveordninga frå Samnanger kommune

Tilsegnsbrev *Tilskudd til inkludering av barn og unge*

Kva saka gjeld:

I møte 07.04.22 bad kommunestyret rådmannen om ei utgreiing knytt til økonomi og finansiering, og eventuelle andre naudsynte aspekt, kring ei eventuell kommunal, universell ordning med såkalla «fritidskort» for barn i Samnanger i aldersgruppa 6-18 år. Utgreiinga skal leggjast fram til kommunestyret sitt junimøte, der det også skal leggjast fram premiss for budsjett 2023.

Den nasjonale prøveordninga med Fritidskort

I 2019 fekk Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) i oppdrag av Barne- og familiedepartementet å utgreie ei fritidskortordning med tilhøyrande utprøving i utvalde kommunar. Erfaringane frå forsøket skulle seinare nyttast som grunnlag for vidare arbeid med ei eventuell nasjonal fritidskortordning. Det vart ikkje nasjonal utrulling av fritidskortet.

Målet med Fritidskortet

Målet med fritidskortet er at alle barn og unge skal kunne delta i faste, organiserte fritidsaktivitetar.

Kva er Fritidskortet?

Fritidskortet er eit personleg gåvekort på mellom kr 800 og kr 1000 per halvår som kun kan brukast til å betala medlemsavgift og kontingent for ein eller fleire faste organiserte fritidsaktivitetar.

Fritidskortet skal vera universelt og for alle barn i alderen 6 til fylte 18 år. Samstundes skal ein jobba særskilt for [i prøveordninga] at utsette grupper som i utgangspunktet har låg deltaking, kan nytte kortet.

Øyremarka midlar

Midlane på fritidskortet vil vera øyremarka faste, organiserte fritidsaktivitetar og skal bidra til å dekke deltakaravgift til aktivitetar som gjer høve for tilhøyrse over tid. Aktivitetane kan vera i regi av frivilligheita, kommersielle aktørar eller kommunen sjølv. Fritidskortet skal kunne nyttast på aktivitetar på tvers av kommunegrensar.

Deltakarkommunar

Forsøksordninga med fritidskort er gjennomført i utvalde kommunar for å finne ut korleis ei fritidskortordning kan innrettast på ein treffsikker og effektiv måte, slik at alle barn kan delta i fritidsaktivitetar. Per oktober 2021 var 24 kommunar med i forsøket, deriblant Kvam herad.

Tilleggsopplysningar

Samnanger kommune søkte om å delta i prøveordninga i 2020, men fekk avslag på søknaden. Me søkte Bufdir på nytt om tilskot til ei fritidskortordning på slutten av 2021, men fekk nyleg avslag på denne søknaden også.

Vurderingar og konsekvensar:

Bufdir har lagt ut nettlenger til dei 24 deltakarkommunane som per 2021 deltok i prøveordninga. Det ser ut til at ordninga er avslutta for sju av kommunane. På nettsidene til dei resterande 17 kommunane kan ein finna informasjon om korleis ordninga går føre i den aktuelle kommunen.

Punkta under går att i informasjonen ein finn:

- Oversikt over fritidsaktivitetar (evnt. lag eller org.) kor fritidskortet kan nyttast.
- Regel om personleg tildeling av fritidskortet. Kan ikkje overførast til andre.
- Fritidskortet kan berre brukast på faste organiserte fritidsaktivitetar.
- Åtte kommunar brukar den digitale tenesta «Friskus» for å administrera «Fritidskortet».
- Fem kommunar brukar den digitale tenesta «Aktiv Fritid».
- Nokre kommunar sender ut rekning/refusjon etter søknad brukar/føresette.
- I nokre kommunar må organisasjonane søke refusjon på vegne av brukar.
- Eigen kontaktperson for ordninga.
- Kriteria for å verta «fritidskortgodkjent» arrangør. T.d. krav om politiattest.

Per 31.12.22 bur det totalt 382 barn og unge f.o.m. seks år t.o.m. 18 år i Samnanger kommune (SSB).

- Dersom kvart barn skal få kr 1000 per halvår til Fritidskortet vert utgiftene på kr 382 000 for eit halvt år og kr 764 000 for eit heilt år.
- Dersom kvart barn skal få kr 800 per halvår til Fritidskortet vert utgiftene på kr 305 600 for eit halvt år og kr 611 200 for eit heilt år.

Me har ikkje kjennskap til kva deltakaravgifta for dei ulike fritidsaktivitetane for barn og unge i Samnanger kostar. Det kan vera at mellom kr 1 600 og kr 2 000 i året per barn er meir enn aktivitetane faktisk kostar.

For dei fleste barn og unge i Samnanger er det truleg ikkje naudsynt å dekke heile kontingenten eller deltakaravgifta av omsyn til familien sin økonomi (jf. Folkehelse rapport 2019, Samnanger). Eit alternativ til å gje alle barn likt er å gje ein viss rabatt/tilskot til alle, men gje større rabatt/tilskot til dei som treng det mest.

For å administrere ordninga med Fritidskortet er det truleg nyttig å bruke ei digital teneste som gjer at føresette eller lag/organisasjonar slepp å søke om refusjon eller tilskot per barn, og kommunen slepp å sende ut faktura per barn. Ei slik løysing vil truleg spare alle partar for tid, men vil òg medføra abonnementskostader.

Når det gjelder finansiering av ei slik ordning kan det vera høve til å søka om tilskot, men per i dag er det usikkert kva søknadsordningar som kan vera aktuelle. Om ein får tilskot frå ei søknadsordning er det typisk delar av utgiftene som vert dekkja.

Dei tre neste åra er me løyvd kr 280 000 frå Bufdir si tilskotsordning *Tilskudd til inkludering av barn og unge*. Me søkte om tilskot til fire tiltak, men fekk innvilga tilskot til tre av tiltaka. Tilskot til ordning med fritidskort fekk avslag då me ikkje kunne søka om tiltak som omfatta alle barn og unge i kommunen.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karina Liøen Frøland	Arkivkode: FA-F08, FE-076
Arkivsaksnr: 22/257	Løpenr: 22/4100
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	025/2022

Frivilligprisen 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i saka.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat til frivilligprisen 2022
Forslag til kandidat
Retningslinjer for Samnanger kommune sin kulturpris

Kva saka gjeld:

Kulturprisen i Samnanger kommune blir delt ut kvart fjerde år. Sist utdeling var i 2019 og neste utdeling er i 2023. Kulturprisen blir gjerne ofte delt ut til frivillige. I 2022 er det frivilligheitas år. I den anledning, og i samråd med ordførar Knut Harald Frøland, ønskjer kommunen å markera frivilligheita ved å dela ut ein frivilligpris.

Prisen på kr 10 000 vert dekkja innanfor ramma til kulturavdelinga sitt budsjett. Retningslinene er dei same som for kulturprisen, med små justeringar for å tilpasse frivilligprisen. Prisen vert delt ut 11.06.22 under Frivilligtorget i Samningaveko.

Retningslinjer for frivilligprisen 2022

- I samband med Frivillighetens år 2022 deler formannskapet ut ein frivilligpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar i eller med tilknytning til Samnanger kommune.
- Frivilligprisen vert gjeven for særleg fortjenestefull frivillig innsats i kommunen eller for aktiv frivillig innsats over lengre tid. Formannskapet kan leggja ei vid tolking av frivillig innsats til grunn ved vurdering av eventuelle kandidatar.
- Formannskapet tek avgjerd om kven som skal få prisen.
- Berre ein person/organisasjon kan få prisen ved kvar tildeling.
- Prisen kan ikkje tildelast same organisasjon/person fleire gongar for same gjeremål.
- Grunngeve, skriftleg framlegg til kandidatar skal sendast til Samnanger kommune innan 13. mai.
- Det vert delt ut ein pris, og eit beløp på kr 10.000 til prisvinnaren.

Vurderingar og konsekvensar:

Frist for å melda inn nominasjon var sett til 13 mai. Det er 6 personar/ lag som er nominert, og det er kome inn 10 innspel totalt:

Kandidat	Nominert av
Eva Hellevang	Kristi Mjelstad David Vogel Asbjørn Moss Stein Kleppe Heidi Gjerde
Helge Reistad	Styret i Tysse og Nordbygda Musikklag
Solveig Vassenden	Margrete Hisdal
Einar Dalseid	Steinar Taule
Samnanger Røde kors Besøksteneste	Marit Lønnebakken
Seniordansen v/ Else Marit Hovland	Marit Lønnebakken

Tidlegare tildelingar av Kulturprisen:

1994 – Else Marit Hovland og Samnanger sundagsskulelag (delt pris)

1995 – URD ungdomslag

1996 – Svein O. Aadland

1997 – Bjarne Hauge

1998 – Eilert og Anne Lise Tøsse

1999 – Sverre Riise

2000 – Haldis Reigstad

2001 – Odd Tveiterås

2002 – Ingen tildeling

2003 – Nils Høgli

2004 – Ivar Bård Aadland

2006 – Samnanger idrettslag

2009 – Margun Lønnebakken

2011 – Tor Wold

2015 – Familien Røen ved Marit, Knut Inge, Linn Borgny og Benjamin

2019 – Einar Dalseid og Vigleik Tyssealand



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Bodil Helliesen Øpstebø	Arkivkode: FE-113
Arkivsaksnr: 22/311	Løpenr: 22/3949
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	026/2022

Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner temaplan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025 slik den ligg føre.

Dokument som er vedlagt:

Plan for pedagogisk utviklingsarbeid i sektor oppvekst 2022-2025

Dokument som ikkje er vedlagt:

Strategiplan for oppvekst 2016-2019

Kva saka gjeld:

Sektor oppvekst har trong for ein ny/revidert plan for å ha eit styringsdokument med lokale mål, kunne dokumentera og synleggjera det vidare arbeidet i skule og barnehage. Einingane har vore med å utarbeida satsingsområde med visjon, mål, tiltak og ønska effekt. Temaplanen ligg føre for å kvalitetssikra og vera i tråd med sentrale og lokale føringar.

Bakgrunn for saka:

Grunna mykje skifte i tilsettingar og korona har denne temaplanen vorte utsett gong på gong og ikkje vore utarbeida og slutføra for no. Planprosessen har på gått sidan januar 2020. Tilsette og andre samarbeidspartnare og tillitsvalde har vore involverte.

No har opplæringslova vore ut på høyring og signaler som er gitt frå sentralt hald er at den kjem ny truleg i 2023 med ein del endringar. Dette vil truleg også krevja nye endringar og krav til lokal plan.

Pandemitida endra mykje, - særskild i skulen med tanke på digital utvikling og endring i undervisningsformer noko som krev bevisstgjerung i høve læringsutbytte, skjermtid og GDPR.

Vurderingar og konsekvensar:

Strategiplanen har skifta namn og er i tråd med overordna kommuneplan og difor vert den no kalla

«Temaplan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022 -2025». Denne er ein temaplan med vekt på læring og utvikling i barnehage, skule og vaksenopplæringa.

Kommunen vil også ha trong for å utarbeida ein heilskapleg plan for oppvekst med start i 2023 i ljøs av kommuneplanen med samfunnsdelen, FN sine berekraftsmål, samarbeidsreforma - plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem, folkehelseperspektivet og det tverrfaglege samarbeidet i laget rundt barnet, barnehagelova, rammeplan for barnehage, oppvekstlova m.fl.

Ein ser for seg ein ny overordna sektorplan med fellesdel og så ulike kapittel der ulike einingar har sine temaplanar.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Edith Oma	Arkivkode: FA-D43
Arkivsaksnr: 21/268	Løpenr: 22/3493
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	027/2022
Kommunestyret		

Bårerom Samnangerheimen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vil sikra ei god og verdig behandling av avdød. Dette skjer gjennom at avdød blir stelt og lagt i kiste på rommet som er livsnøytralt og gjer mest mogeleg skjerming og ro for avdød og pårørande.

Ved visning og eller bæreandakt kan ein nytta rommet til avdød eller storstova.

Når avdød blir liggande over tid eller det er høg temperatur nyttast mobil kjølar.

Kva saka gjeld:

Utgreie vidare mogelege løysingar for eit livsnøytralt Bårerom/syningsrom på Samnangerheimen eller andre stader.

Kjøling av rom:

Angående høge temperaturar eksempelvis på sommar, har Samnangerheimen ei mobil kjølevifte som kan gjera det kaldt.

Gjennomgang av rom/lokaler:

Bårerom vart som sagt i vedtaket ikkje prioritert då Samnangerheimen vart bygd, Under kjem ein gjennomgang av romma/lokala på Samnangerheimen:

- Øverste etg (administrasjonen) (ein etg opp frå hovudinngang)
 - Kontor til heimesjukepleien, kreftsjukepleiar, sjukepleiar forvaltning, einingsleiar, medisinerom heimesjukepleien. felleskontor psykiatri og felleskontor fagsjukepleiarar. Av større rom er det eit møterom og pauserom til personalet på Samnangerheimen.
 - Møterom og pauserom er dei romma som er store nok til seng og eller kiste i denne etasjen.
 - Pauserom med mat og kjøkkenkrok vert ikkje sett som eigna plass, personalet må også ha ein plass til å ha pause og verdigheita vurderes til

liten.

- Møterom har store glasveggar som ikkje er skjerma, det vil sei at det er stort innsyn. Rommet er møblert med eit stort møtebord, dette må eventuelt flyast og det må opp skjerming. Rommet vil bli vurdert som alternativ under.

Kontora har glassdører med høg grad av innsyn og utsyn.

- Møterom og pauserom er dei romma som er store nok til seng og eller kiste i denne etasjen.
 - Pauserom med mat og kjøkkenkrok vert ikkje sett som egna plass, personalet må også ha ein plass til å ha pause og verdigheita vurderes til liten.
 - Møterom har store glasveggar som ikkje er skjerma, det vil sei at det er stort innsyn. Rommet er møblert med eit stort møtebord, dette må eventuelt flyast og det må opp skjerming. Rommet vil bli vurdert som alternativ under.
- Alle avdelingane er pr i dag fulle og det er ikkje rom som kan nyttast, dersom ein skal ha eit rom her må ein ta bort eit pasientrom, dette spørsmålet kjem tilbake under alternative løysingar
- Lager på avdelingane er fulle, pr i dag blir ein del medisinsk utstyr lagra på 95 bygget der det er planlagt omsorg +
- Storstova kan nyttast til bæreandakt og minnestund, her er det skjerming på store vindauge og det er då ikkje innsyn til stova.
- Kjøkken kan ikkje nyttast til dette formålet.
- Vaskeri og garderobe har ikkje store nok lokaler
- Legekontor og fysiorom er estimert til 7 kvadratmeter og såleis for lite rom til å få plass til kiste og seng
- Frisørrom har vask midt på golvet og anses ikkje som egna lokale
- Fotpleierom er utleidd
- Treningsrom er i bruk av fysioterapeut og utstyr må då evt flyttas ut og inn igjen i etterkant, alternativ er flyttas i eine ende av rommet og gardin/skjerming framfor. Noko utstyr er tungt/vanskeleg å flytta. Lokalet vil bli vurdert som alternativ under.
- 0 etg har sjukeheimplassar som pr i dag ikkje er i permanent bruk, her må ein vurdere om ein vil ta eit av romma til bærerom / syningsrom. Lokalet vil bli vurdert som alternativ under

Alternative løysingar:

1. Møterom Samnangerheimen
2. Storstova på Samnangerheimen
3. Sjukeheimplass/rom i 0 etg på 95 bygget
4. Treningssal
5. Anna lokale i kommunen
6. Pasientrom på Samnangerheimen

1. Møterom har plass til seng og kiste, møtebord må flyttas, dette kan flyttas til eine enden av rommet. Glassvegg gjør at det er stort innsyn, her må det evt opp skjerming. Det er mange kontorer med glassdør som må passerast og det er ein del gåing i gangene då psykiatri, kreftsjukepleiar og heimesjukepleien har lokaler i korridoren. For å komma til møterom må ein i heis opp og ned. For å komma til møterom passerer ein andre lokaler som stortova som også er alternativ.
2. Storstova er godt egna til livsnøytralt syningsrom og evt bæreandakt, her er det store glasveggar som har skjerming for innsyn. Det er stor golv plass utan å flytta møblar og plass til mange pårørande.
3. Sjukeheimplass/rom i 0 etg på 95 bygget, demografisk utvikling viser at dette truleg er behov for desse romma som sjukeheimplass eller som omsorg pluss.
4. Treningssal har tunge utstyr som er vanskeleg/tungt å flytta, skjerming kunne etter flytting vore ordna med gardin.
5. Administrasjonen har ikkje andre forslag til lokale enn dei som er vurdert i punkt 1-4. Dersom avdød skal fraktast til anna lokale må avdød i kiste før transport og må såleis i kiste på Samnangerheimen.

6. Pr i dag blir den avdøde lagt i kiste på egent rom, dette er eit rom som i hovudsak er innreda av brukar og eller familie. Dette er såleis eit livsnøytralt rom, rommet er 24-28 kvadratmeter og det er god plass til seng og kiste. Dersom det er mykje møblar på rommet vert det flytta ut møblar. Samnangerheimen tilbyr pårørande ekstra seng inne på rommet i livets siste dagar, denne blir tatt ut etter dødsfall og frigjer då plass til kiste.

Oppsummering:

Samnangerheimen har fira rom som kan brukast til livsnøytralt syningsrom. Møterom og treningsrom må evt utbetrast før det kan nyttast, møterommet gir liten grad av privat atmosfære då det er midt i administrasjonen. Rommet til brukar er innreda livsnøytralt etter pasient/familie sitt ynskje. Storstova har plass til mange og er godt egna til visning/minnestund, dette anses derfor som beste alternativ. I framtida vil det truleg vera behov for romma på 95 bygget i 0 etg, så dette alternativet må ein evt utreas opp imot kva behov som er i framtida. For å flytta brukar til anna plass i kommunen, må ein over i kiste før transport.

Konklusjon:

Å bli stelt og lagt i kiste på eige rom som er innreda av den som har rommet eller pårørande, er god skjerming av avdød og pårørande i livsnøytralt rom. Rommet har god plass og det kan nyttast mobil kjølar ved behov.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FE-140, TI-&30
Arkivsaksnr: 18/1011	Løpenr: 22/3846
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	028/2022
Kommunestyret		

Vedtak av kommunal planstrategi 2022 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek Samnanger kommune:

1. kommunal planstrategi 2022 – 2024 slik den ligg føre.
2. at både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast.

Dokument som er vedlagt:

Kommunal planstrategi 2022-2024

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007 - 2017

Kommuneplanen sin arealdel 2017 - 2027 - planskildding med konsekvensutgreiing

Folkehelseoversikt 2019-2023 (kortversjon)

Samnanger kommune Vestland - Høyring av kommunal planstrategi 2020-2023 - uttale

Fråsegn til høyring av kommunal planstrategi 2020-2023 for Samnanger kommune

Revidert høyringsuttale 16.04.2020

Tillegg til høyringsuttale re skilting til bibliotek 16.04.2020

Kommunal planstrategi for 2020 rev. 1

Uttale - Kommunal planstrategi 2020 - 2023 for Samnanger kommune - Høyring før vedtak i kommunestyret

Fråsegn - Samnanger kommune - kommunal planstrategi 2020 - 2023

NVE si fråsegn - Høyring av Kommunal planstrategi 2020-2023 - Samnanger kommune



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 22/326	Løpenr: 22/4168
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.06.2022	029/2022
Kommunestyret		

Premissar for Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023- 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Premissar

Følgjande premissar og føresetnadar vert lagt til grunn for kommande budsjettprosess for årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026;

1. *Økonomiske rammer for årsbudsjett 2023 / økonomiplan 2023- 2026*

Einingane sine rammer vert utarbeidd på 2022- nivå. Nye tiltak og budsjettauke på spesifikke område vert innarbeidd innanfor ramma.

2. *Klimabudsjett*

Som del av budsjett 2023 vert det utarbeidd eit klimabudsjett for 2023 med tiltak i alle sektorar og budsjettområde.

3. *Økonomi og demografiutviklinga i kommunen*

I utarbeiding av økonomiplanen 2023- 2026 vil ein freiste å disponere og omprioritera midlar på ein slik måte at kommunen tilpassar seg demografiutfordringar.

4. *Tenestestruktur og lokasjonar*

Det vert starta eit arbeid med heilskapleg plan for framtidig behov.

5. *Næringssatsing*

Det vert starta ein prosess i 2022 for å få på plass næringsutviklar- stilling med oppstart ultimo 2022/ primo 2023. Det vert og sett av midlar til næringslivssatsing i 2023.

6. *Program for handlefridom*

Det skal gjennomførast eit program for auka handlingsfridom i økonomiplan- perioden.

7. Kompetansebehov

Det vert sett av midlar i budsjett 2023 for å vurdere noverande og framtidig kompetansebehov.

8 *Finansielle handlingsreglar*

- Disposisjonsfondet skal aukast til 30 mill. kr i løpet av økonomiplanperioden.
- Det skal budsjetterast med minimum 2,5 % i korrigert netto driftsresultat i perioden.
- Utover avsetjing til disposisjonsfondet skal det avsetjast eventuelle mindreforbruk til eit kommunalt innovasjon – og utviklingsfond.
- Det vert i samband med budsjett 2023 presentert framlegg til vedtekter for fondet.
- Det vert sett av ein årleg udisponert sum i budsjett for 2023 under politisk nivå.

9 *Planarbeid*

Budsjett og økonomiplan skal koplast mot og samsvare med gjeldande oppdaterte kommunale planar. Det gjeld både for drift og investering.

10 *Eigedomsskatt 2023- 2026*

Dersom kommunen sin driftsøkonomi med dagens inntektsnivå held seg kan eigedomsskatten for hus og fritidsbustadar fjernast i økonomiplan for 2023- 2026. Rådmannen kjem i sitt budsjettframlegg attende til kva budsjettår dette er mogleg.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunelova, Økonomireglement og Finansreglementet

Kva saka gjeld:

Premissane set eit heilskapleg rammeverk for utarbeidinga av kommande årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026. Premissane og føresetnadane har eit hovudføremål; dei skal bidra til ein økonomi dei neste åra som fremmar utvikling, innovasjon og næring i kommunen. Samstundes skal premissane bidra til ein mest mogleg effektiv kommune, og ei tilpassing mellom kommunen si drift og dei demografiendringane som kommunen har vore og er midt oppi. Det er lagt opp til å halde kommuneøkonomien effektiv. Vidare legg ein opp til satsingar som ikkje gjev varige kostnadspådrag; som til dømes midlar til næringsutvikling og kompetanseheving blant dei tilsette. Det er og viktig å bygge opp ein buffer i form av fondsmidlar.

I sum skal premissane bidra til ein robust økonomi som kan stette næringsutvikling, befolkningsvekst og klima- og miljøtiltak. Under er det ein innleiing som gjer greie for utviklingsperspektivet i premissdokumentet. Deretter vert kvart premiss frå nr 1 til 10 gjort greie for.

Innleiing: den samla innrettinga – utvikling for kommunen

Premissdokumentet for budsjett- og økonomiplan bør vere eit overordna strategisk dokument for kommunen som skal gje kommunen ein ønska retning som skaper utvikling for kommunen.

For at premissane og føresetnadar skal gje ønska retning og utvikling må dei vere prega av heilskap, og ikkje av einskilde moment som kan gå mot kvarandre. I tillegg må dei ha eit visst tidsperspektiv. Ein vedtek eit årsbudsjett med einskilde punkt som i seg sjølv er viktige, men det er utviklinga gjennom heile økonomiplanperioden som er viktig. Kommunen kan då ta steg i ein god retning slik at det vert ein attraktiv kommune for innbyggjarane, aktuelle tilflyttarar eller arbeidstakarar, og besøkande.

Vi er i ein periode med gode kraftinntekter for kommunen, og det gjeld å bruka det økonomiske mogleighetsrommet som ligg i desse best mogleg. Det er, slik rådmannen ser det, ikkje framtidretta å bruka desse midlane til å opparbeida seg kostnadar av varig karakter som igjen gjev ein mindre effektiv kommunedrift. Det vil redusere den utviklingskrafta som kommunen kan få dersom prisane held seg høge. Premissane bør bidra til utvikling og innovasjon.

Kva ligg i ordet *utvikling* ? Det er at kommunen tek steg i rett retning når det gjeld;

- Næringsverksemd
- Klima- og miljø
- Oppvekstvilkår
- Attraktivitet og omdømme
- Demografi
- Økonomi

Det som er viktig å påpeike er at sjølv om ein satsar på noko og har spesifikke tiltak, så treng ikkje det vere ei nedprioritering av noko anna. Det bør vere ein vekselverknad – utvikling på eit område bør vere til det gode for heile kommunen. Til dømes vil ei satsing på næring og barn og unge kunne løfte heile kommunen gjennom meir aktivitet, og bidra til ein meir robust og berekraftig kommune.

Premiss 10 til sist dreier seg om ei eventuell fjerning av eigedomsskatt for hus og fritidseigedommar. Dette er eit svar på vedtak frå kommunestyret 7.4.2022 der det vart bedt om ei konsekvensutgreiing av å ta bort skatten. I saksutgreiinga under er dette gjort; med ein oppsummering som gjev ein premiss.

I fleire av premissane er det lagt inn anslag på summar; til kompetanseheving, midlar til næringssetjing og udisponerte midlar budsjettert under politisk nivå. Det er å presisera at dette er anslag på summar, og at desse kan verte justert noko når rådmannen sitt framlegg til budsjett vert presentert.

Premiss for budsjettprosessen

Premiss 1 Rammer for årsbudsjett 2023 / økonomiplan 2023- 2026.

Nivået på rammene

Ein viktig målsetning er at kommunen skal ha ei effektiv drift. Det bør vera ein samanheng mellom det kommunale forbruket, og det som er kommunen sitt stabile inntektsgrunnlag. I dag er det slik at kommunen må nytte lokale inntekter i form av eigedomsskatt og varierende inntekter i form av konsesjonskraft for å levere gode tenester, og for å oppretthalde ein balansert økonomi. Det er difor eit godt prinsipp å vere varsam med å finansiere tiltak av varig karakter med inntekter som til dømes konsesjonskraft. Dersom eit politisk vedtak fjernar eigedomsskatten eller konsesjonskraftinntektene vert markant redusert, så vil ein kunne mangle finansiering som trengs for å få balansert budsjettet.

Det vert allereie nytta om lag 5 mill. kr av konsesjonskraftinntektene i drifta, og tertialrapport pr. april 2022 syner at tenesteområda har ei negativ drift i storleiken 2 mill. kr for 2022. Som eit særst forenkla bilete så kan ein då seie at kommunen allereie brukar 7 mill. kr meir enn det som er den stabile grunnlagsfinansieringa.

Med det utgangspunkt vil det vera fornuftig å legge budsjetttrammene for budsjett 2023 på 2022-nivå. I budsjettarbeidet for 2023 legg ein då til grunn revidert budsjett og kostnadsnivået der; med indeksjustering for auka lønskostnader og anna prisvekst. Dette gjeld også for budsjettområda kyrkje og kontrollutvalet/ revisjonen.

Alle einingar si ramme for normal drift for 2023 vert lik ramme for normal drift i 2022. Tiltak som ikkje er av varig karakter vert trekt ut av ramma, og kan brukast til nye tiltak i 2023. Det er ein relativt stor del av tiltaka i budsjett 2022 som kan karakteriserast som eingongstiltak; og som då kan brukast på tiltak i budsjett 2023.

Ei eventuell justering av rammene mellom einingar vert gjort av økonomiavdelinga, etter at einingane har meldt inn sitt utfordringsbilete frå 2022 til 2023.

Ansvar for eigen budsjettramme

Ansvarsnivået når det gjeld budsjett bør vera einingsnivå og avdelingsnivå. Den einskilde einingsleiar og avdelingsleiar må ha ansvaret for å halde budsjettramma; samstundes må den ansvarlege ha fridom innfor ramma til å disponere og snu om på bruken slik at ein klarer å halde budsjettramma.

Økonomiplan

I økonomiplanen som skal vedtakast åra etter 2023 – 2024 til 2026 er utgangspunktet at ein legg inn og budsjetterer vidare på eit 2022- nivå som er indeksjustert.

Det å budsjettere stramt i gode tider, og praktisere ansvar for eigen budsjettramme, vil vere ein sikring av økonomien, og vil kunne kan skapa økonomisk handlingsrom og utviklingskraft for kommunen. I tillegg vil ein kunne lage seg rom for å sleppe opp litt på eit stramt budsjettopplegg seinare; dersom det vert naudsynt.

Pandemi og Ukraina- flyktingar

Det er ikkje venta at ein får ei vidareføring av det som har vore situasjon i 2020, 2021 og delvis 2022 når det gjeld pandemikostnadar og kompensasjon for desse. Ein må då tilbake til å budsjettera med ein normalsituasjon slik vi hadde før 2020. Det er venta at ein mellom anna må endra budsjetta som skal gå til kurs og møteverksemd.

Med Krigen i Ukraina vil kommunen truleg få ekstrakostnadar med mottak, oppfølging og busetjing av flyktingar. Det vert i budsjettet føresett at kommunen fører ekstrakostnadane på eige prosjektnummer «Ukraina», og at desse meirkostnadane vert kompensert frå statleg hald.

Dialog med politisk nivå

Rådmannen ser på det som viktig å ha ein god dialog med politisk nivå gjennom budsjettprosessen. Det vil kunne vere eit poeng å ha eit dialogmøte kring budsjettet i september. Dette vil då kome etter at einingane og avdelingane har levert sine bidrag og før rådmannen justerer, sett saman og ferdigstiller det som kjem til å verte lagt fram som rådmannen sitt framlegg til budsjett. Eit slikt møte vil i så fall kunne vere med og kalibrere budsjettprosessen opp mot politisk nivå. På dette tidspunktet vil det også vere fleire punkt kring økonomien til kommunen som kan vere avklara; til dømes Noa Krafla- elektrifiseringa, skatteinngang og innrettinga på nytt inntektssystem.

Premiss 2 Miljø og klima i budsjettet

Det vert lagt opp til at budsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026 vil ha slik struktur og innhald:

- Innleiing – rådmannen har ordet
 - a. Hovudbilete
 - b. Prioriteringar budsjett 2023
- Finansielle måltal – handlingsreglar i perioden
- Plangrunnlag for kommunen sin økonomi
- Klimabudsjett
- Status, hovudtal og folketalsutvikling i planperioden
- Rammevilkår og hovudtal på dei ulike områda
- Tenesteområde

Ein del for kvar sektor med:

- Kort skildring sektor - einingar og innhald innanfor sektor
- Driftsbudsjett på ansvarsnivå
- Kostratal for sektoren
- Utfordringar
- Prioriterte område 2023

- Tiltak / reduserande tiltak

1. Investeringar i økonomiplanperioden 2023- 2026
2. Kommunale gebyr
3. Vedlegg: obligatoriske oversikter

Budsjettprosessen vil i sin heilskap verte gjennomført i Framsikt.

Med dette innhaldet er det to nye delar i budsjettet; klimabudsjett og plankapittel. Plankapittelet vert omtala under i *Premiss 9 Kopling til kommunale planar*.

Klimabudsjett

Klimabudsjettet vert eit eige kapittel med tekst og tal i budsjett for 2023. I og med at det er fyrste gang ein inkluderer eit eige klimabudsjett i Samnanger sitt årsbudsjett, så vil det innleiingsvis vere noko om det som er hovudmålet med eit klimabudsjett; å kople bruken av kommunen sine midlar opp mot klima og miljø. Det som er eit fyrste budsjett vil vere ein god start på området, meir enn at det er eit klimabudsjett med store ambisjonar. Vidare vil ein synleggjera status for kommunen ved å ha med eit klimarekneskap, og peike på kva område med utslepp som det er mest aktuelt for kommunen å jobbe med. Så skal det vere klimavurderingar av dei ulike delane av Samnanger kommune sitt budsjett, og tiltak for kvar sektor på einingsnivå. Det er tenkt at klimabudsjettet vil ha denne strukturen;

1. Innleiing med overordna mål og strategiar
2. Kopling mellom økonomiplan og klima- og miljø
3. Klimarekneskap for Samnanger kommune med klimafotavtrykk
4. Klimavurdering av Samnanger kommune sitt budsjett; drift og investering
5. Budsjett for klimatiltak i budsjett for 2023 og økonomiplan 2023- 2026

Korleis tiltaka i klimabudsjettet skal finansierast må ein koma attende til. Tiltaka må vera innanfor det som er handterleg for einingane, finansierast med eksterne midlar eller takast frå bærekraftfondet. Døme på tiltak innafør einingane er teknisk avdeling sine ulike prosjekt innafør energiøkonomisering og prosjekt *Skulehagar rundt Bjørnafjorden* som er aktuelt for skulane.

Premiss 3 Kommunen sine demografiendringar

I følge framskrivingar frå SSB vil Samnanger kommune kunne få 148 (6 %) fleire innbyggjarar i perioden 2020 til 2050. Det er likevel verdt å merkje seg at me innanfor det samla folketalet vil få endringar i retning fleire eldre og færre yngre.

Det er krevjande å tilpassa omfanget av dei ulike tenester dersom demografiutviklinga i kommunen endrar seg. Den demografiske utviklinga som Samnanger er inne i har vore kjenneteikna ved at befolkninga har vorte eldre. Det fordrar ei omprioritering av midlar grunna færre born og unge, og fleire som er eldre. Samstundes må ein halde oppe kvaliteten. I økonomiplanen vil ein difor freista å gjera endringar i fordelinga av budsjetta mellom sektorane og einingane slik at Samnanger kommune sin ressursbruk etter kvart er i tråd med den utviklinga som har vore; at befolkninga har vorte eldre.

Denne endringa må skje gradvis, og på ein måte som gjer at sektorar og einingar klarer å tilpassa seg endring i økonomi. Desse endringane når det gjeld fordelinga av budsjett mellom område heng saman med premiss nummer 4 - *Tenestestruktur og lokasjonar - starta arbeid med heilskapleg plan for framtidig behov*. Dersom ein kjem fram til ein anna framtidig struktur og lokalisering av tenestene i kommunen, så vil ein og få ei betre budsjettfordeling.

Ei føresetnad for å gjere dette på ein god måte, er at alle innbyggjargrupper i kommunen vert

ivareteke. Då vil ein og kunne motverke utanforskapen, og sikre gode oppvekst- og levekår. Utanforskapen kostar samfunnet og oss som kommune mykje, og dess meir i forkant ein kan vera dess meir kan ein hindra utanforskap blant innbyggjarane våre.

Premiss 4 Tenestestruktur og lokasjonar - starta arbeid med plan for framtidig behov

Det bør lagast ein strukturplan for kommunen. Framtidig behov for kommunal bygningsmasse bør vurderast opp mot dagens situasjon og eksisterande lokasjonar. Utifrå dette bør ein lage ein strukturplan for dei kommunale tenestene som gjev den samla beste løysinga i eit lengre perspektiv. Dette i motsetning til einskilde vedtak på ulike tenesteområde som samla sett ikkje er optimal eller framtidsretta.

I den samanheng bør fleire viktige område utgreiast; ein heilskapleg plan for oppvekstsektoren med lokalisering, lokalisering av dei tekniske tenestene og brannstasjon og justeringar av dei ulike tenestene med lokasjonar i sektoren helse og omsorg. Trong for kontorlokale bør kartleggast, og om kommunen sjølv skal eige eller leige bør også vurderast.

Dersom ein lagar ein plan for tenestestruktur og lokasjonar så vil denne styra kva investeringar kommunen gjer i åra framover.

Premiss 5 Næringssetting

Samnanger kommune har mange innbyggjarar som pendlar ut av kommunen for å komme seg på arbeid. Det er relativt få og relativt små verksemder i kommunen, og dette er noko som i liten grad gjev eit grunnlag for at fleire kunne hatt arbeidsplassen sin her. Tilgang på arbeidsplassar er ofte knytt til kvar folk vel å busetje seg. Det er såleis grunnlag for å løfte fram næringsutviklinga med omsyn til innbyggjarvekst og tilflytting.

Det er i dag fleire verksemder lokalisert i og nær industriområdet i Rolvsvåg. I tillegg finn ein mykje aktivitet på Bjørkheim, noko i Eikedalen, samt interesse knytt til Børdalen. Landbruket representerer ein viktig del gjennom si næring, sjøområda er tekne i bruk, og små og nokre større føretak syt for mykje spennande aktivitet på ulike lokasjonar rundt i kommunen.

Ei utfordringa ligg i det å få utvikla eit større og meir robust næringsliv som kan bidra til tettstadutvikling, fleire arbeidsplassar og miljø som kan trekkje på seg synergjar. Det å vere ein omegnskommune til Bergen bør vere eit godt utgangspunkt. Denne regionen og dei fleste omegnskommunar til Bergen spelar på sin geografiske plassering og har eit godt og mangfaldig næringsliv; mellom anna når det gjeld turisme. Nye næringar skal utviklast i åra framover, og det bør og vere ei utvikling i Samnanger kommune på dette området.

Med dette utgangspunkt ynskjer rådmannen å starte ein prosess no i 2022 for å få på plass ein næringsutviklar. Kommunen har ikkje ein ledig ressurs eller denne type kompetanse i organisasjonen, og difor er ein tidsavgrensa stilling på dette området ønskjeleg. Næringsutviklaren vil forutan å vere eit viktig bindeledd mellom administrasjonen og eksisterande næringsliv også arbeide for å leggje til rette for nyetableringar. Viktige oppgåver for ein slik ressurs vil mellom anna vere;

- Vere tett på næringslivet gjennom aktiv næringsutvikling
- Sentral i utarbeiding av strategisk næringsplan
- Bidra i marknadsføring av eksisterande tilbod i kommunen
- Rådgjeving og tilrettelegging; til eksisterande næringsliv og nyetableringar
- Innspel til ulike planarbeid og sakshandsaming av nærings saker
- Oppfølging av søknadar om næringsstøtte
- Deltaking i ulike prosjektarbeid og kommunesamarbeid

Stillinga vil vere plassert direkte under rådmannen. Dette vil vere eit engasjement på 3 år, og

rådmannen ynskjer at ressursen er på plass i byrjinga av 2023. Difor ynskjer rådmannen å starte rekrutteringsprosessen alt no. Det vert i tillegg i budsjett for 2023 sett av ein sum til næringsarbeid; anslagsvis 0,5 mill. kr, utover lønskostnader.

Premiss 6 Program for auka handlefridom

Rådmannen ønskjer å bruka kommande økonomiplanperiode til ein gjennomgang av kommunen si drift. Dette for å vurdera om kommunen brukar midlane sine rett, eller om det er noko som kan gjerast annleis som skapar vinstar i form av frigjort tid eller frigjorte budsjettmidlar.

Eit argument for å gjera dette, er at det i fleire rapportar dei seinare åra har vorte påpeika at det er mogleg å gjera endringar i kommunen si drift. Målet bør heile tida vere at kommunen løyser oppgåvene sine på ein stadig betre måte. Program for auka handlefridom vil kunne gje ein avsjekk mot dette.

Det kan vere eit gunstig tidspunkt å ha ein slik gjennomgang, fordi det er fleire nye leiarar i kommunen. Desse vil med eit slikt prosjekt få ein moglegheit til å påverke den kommunale drifta i kommunen; og særskilt på sitt område.

Rådmannen legg opp til at det kjem ei eiga sak på dette til politisk handsaming samstundes med budsjettet i haust. Her vil rådmannen gjera tydeleg innhaldet i programmet, og kva ambisjonsnivå som vert lagt til grunn. I utgangspunktet er det frå rådmannen si side tenkt at programmet bør omfatte både administrasjonen og dei ulike tenesteområda; men det vert å kome attende til. Det er ein føresetnad at det som vert lagt fram og gjennomført er forankra på politisk nivå, i administrasjonen og hos organisasjonane.

Premiss 7 Kompetanseutvikling

Det er trong for å satse på ei utvikling av kompetansen blant dei tilsette i kommunen. Dette særskilt etter ei tid med pandemi som har avgrensa kursing og kompetanseheving til digitale former. Kommunen er inne i ei tid med høge konsesjonskraftinntekter som ein framleis ikkje veit om vil halde seg på dette nivået. Etter rådmannen sitt syn vil det vere god bruk av moglegheitene desse inntektene gjev, til å satse på utvikling av dei tilsette sin kompetanse.

Det vert difor sett av midlar til kartlegging av noverande og framtidig kompetansebehov; anslagsvis 0,35 mill. kr. Midlane vert plassert under HR- avdelinga. Dette tiltaket skal;

- Identifisere manglande kompetanse i kommunen
- Bidra til at organisasjonen tilpassar seg framtidige demografiske endringar
- Utarbeide ny plan for strategisk kompetanseutvikling
- Bidra til at kommunen vert ein attraktiv arbeidsgjevar

Premiss 8 Finansielle handlingsreglar

Fram til og med 2020 hadde kommunen i fleire år ein stram økonomi med økonomiske måltal under det som er anbefalt. I 2021 fekk økonomien eit løft grunna god skatteinngang og høge netto konsesjonskraftinntekter. Trenden har fortsett i fyrste tertial av 2022. Framlegget til finansielle handlingsreglar for kommande økonomiplanperiode er tilpassa ein situasjon der kommunen har inntekter som kan verte reduserte. Det er to grep som vert valt. Det eine er å gjere økonomien til kommunen meir robust ved å bygge opp fond, og såleis tole at inntektene som er høge kan gå ned. Det andre grepet ligg i fleire av dei andre premissa; det dreier seg om å halde drifta av kommunen minst like effektiv i åra framover som den er i dag, og også det å bruke midlar på tiltak og område som ikkje er varige kostnadspådrag.

Rådmannen vil ha ein tilleggsløyvingskonto under politisk nivå. Her vil det ligge ein udisponert sum som kommunestyre rår over; anslagsvis 1 mill. kr.

Med ein aukande gjeldsgrad fram mot 2025, er det viktig å byggja seg opp fond som kan vera ein buffer slik at økonomien vert mindre sårbar dersom inntektene skulle gå ned. Rådmannen meiner difor at disposisjonsfondet bør aukast til 30 mill. kr i planperioden. Det skal budsjetterast med minimum 2,5 % i korrigert netto driftsresultat kvart år i perioden. Vidare vil rådmannen gjere avsetningar til eit fond som skal utvikle kommunen; eit kommunalt innovasjon- og utviklingsfond. Avsetjinga til sistnemnde fond vil vere det mindreforbruket som kommunen oppnår utover det som er naudsynt for å byggje opp og halde disposisjonsfondet på 30 mill. kr. Det vert i samband med budsjett 2023 presentert framlegg til vedtekter for fondet.

Lånegjeld

Når det kjem til kommunen si lånegjeld kjem rådmannen attende til dette med framlegg til handlingsreglar på dette området i neste budsjettprosess; for økonomiplanperioden 2024- 2027.

Premiss 9 Kopling til kommunale planar

Av større moment som må inn i denne saka er ei revidering og styrking av koplinga mellom økonomiplan og øvrig planarbeid. I tillegg ligg det fleire bestillingar i form av politiske vedtak som må inkludrast i budsjettprosessen; mellom anna må det lagast eit klimabudsjett og det må utgreiast konsekvensane av å fjerne eigedomsskatten på hus og fritidsbustadar (jf. Premiss 2 og premiss 10).

Det er etter rådmannen sitt syn ikkje føremålstenleg at kommunen ikkje har eit fullt og heilt oppdatert planhierarki. Kommunestyre skal ha styring på kommunen, og då må dei gjerast vedtak på plannivå. Frå eit demokratisk perspektiv er det mindre viktig at kommunen gjer einskildvedtak på ulike område enn at kvart kommunestyre får bestemma i sin periode gjennom revidering på plannivå. Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2007 og arealdelen er frå 2018, og desse bør reviderast.

I budsjettet vil det vere eit plankapittel, og her vil koplinga mellom planhierarkiet til kommunen og økonomiplanen gjerast greie for. Med det vil ein freiste å sikre at det er samheng mellom korleis midlane til kommunen vert brukt, og kva som er planane til kommunen på dei ulike områda. Revidering og oppdatering av planhierarkiet vil då vere særskilt viktig. Etter det kan administrasjonen arbeide etter kva planar som vert vedteke.

Premiss 10 Eigedomsskatt

Det vert vist til vedtak i kommunestyret 07.04.2022 – målsetting om å fjerna eigedomsskatt på hus og fritidsbustadar;

Det er eit mål å fjerna eigedomsskatten på hus og fritidsbustadar i Samnanger frå og med budsjettåret 2023. Kommunestyret handsamar dette vidare i sak om premissar for budsjett og økonomiplan i junimøte. Til dette møtet legg rådmannen fram utgreiing om konsekvensane av å ta bort eigedomsskatten. Endeleg avgjerd vert teken i budsjettmøtet i desember.

Under følgjer ei utgreiing av moment i høve til denne problemstillinga, og til slutt ei oppsummering der rådmannen peikar på kva type premiss som bør leggjast til grunn i utarbeidinga av kommande økonomiplan.

Økonomi - dagens økonomiske situasjonen

Eigedomsskatt er ein lokal skatt som kommunar kan velje å innføre. Ofte er eigedomsskatten koplta til den økonomiske stoda i ein kommune. Dersom grunnfinansieringa til kommunen, dei sentrale inntektene frå staten i form av rammeinntekt og skatt, er høg nok til å dekke kommunen si ordinære drift av lovpålagte tenester så vel mange kommunar å ikkje innføre eigedomsskatt. Dersom det er naudsynt for å ha gode tenester eller unngå ein svak kommunal økonomi så kan eigedomsskatt vera

eit val mange kommunar gjer for å sikre ein økonomien. Den betra økonomiske situasjonen til Samnanger kommune har aktualisert eit spørsmål om ein skal ha eigedomsskatt.

I 2021 rekna kommunen med ei nettoinntekt på 3 mill. kr frå konsesjonskraft. Når rekneskapan vart gjort opp, var fasiten ei inntekt på 11,8 mill. kr. Denne høge inntekta hadde direkte samband med dei rekordhøge kraftprisane i marknaden. Skattekapittelet hadde og same særskilte trend, og bidrog med over 10 mill. kr meir enn det som var lagt til grunn i opphavsleg budsjett. Desse to faktorane var den direkte orsaka til det gode netto driftsresultatet til kommunen på 13 mill. kr. Utan desse inntektene er det ganske enkelt å slutte at resultatet til kommunen ville vore lågare enn det som tilseier ein god situasjon. Spørsmålet er då om kor stabile desse inntektene er. Skatteinntektene er varierende, men er del av grunnfinansieringa som kjem frå staten. Grunnfinansieringa freistar staten å halde på eit nivå som kommunane kan levere gode tenester på.

Konsesjonskraftinntektene er ei lokal inntekt for kommunen som auka kraftig i 2021. I 2022 har auken haldt fram, og prognosane er no særskilte høge; anslaga for 2022 og 2023 er no over 10 mill. kr høgare enn budsjett for 2022. Om kommunen har økonomisk rom for å fjerna eigedomsskatten vert eit spørsmål om desse inntektene, med andre ord om kraftprisane vil halda seg. Dei fleste prognosar tyder på at kraftprisane i marknaden vil halda seg. Då er det å hugse på at det var ingen som spådde dagens prisnivå, og at det så seint som i 2020 var prisar ned mot og under null.

Etter rådmannen sin vurdering er det for tidleg å seie om ein kan rekne konsesjonskraftinntektene som ei stabil høg inntekt på 2021- nivå eller høgare, eller om det er ein reell risiko for at inntekta kan gå mykje ned frå dagens nivå.

Andre økonomimoment

Det er andre relevante moment med stort økonomisk tilskott som vil kunne verte meir avklara i løpet av 2022. Desse momenta er økonomisk potensielle oppsider for Samnanger kommune.

- I løpet av hausten vil det truleg verte klart korleis ei revidering av dagens inntektssystem vil slå ut. Førre stortingsperiode, under Solberg- regjeringa, vart det gjort fleire endringar i inntektssystemet som gjorde at Samnanger kommune tapa fleire millionar kroner. Mellom anna kom kommunen økonomisk dårleg ut av prosessen med kommunereform, og det at kommunen valde å halde fram som ein frivillig relativt liten kommune. Det kan vera von om at den nye regjeringa rettar opp denne inntektsnedgangen i løpet av 2022; anten gjennom revidering av inntektssystemet eller i statsbudsjett for 2023.
- Dersom det kjem elektrifisering av dei planlagde oljefelta Krafla og Noa i Nordsjøen, så vil straumen komma frå Samnanger. Det vil kunne gje kommunen ei fast stabil inntekt på truleg same eller høgare nivå enn det kommunen har av samla inntekt frå eigedomsskatt på hus og fritidsbustadar. I dag har kommunen ei årleg inntekt frå denne eigedomsskatten på 5,3 mill. kr. Kommunen kan i tillegg til dette få ei meirinntekt dersom den eksisterande kraftproduksjonen i kommunen vert auka; noko som og kan skje.
- Skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett som kom mai 2022 tilsa ein god skattevekst for kommunane i 2022. Delar av dette oppjusterte skatteanslaget 2022 er knytt til løns- og sysselsetjingsvekst i Norge, og dette vil og auke grunnlaget for skatteinntekt i 2023. Denne påreknede inntektsveksten vil verte ein realauke for kommunen. Dette vil koma nærare fram ved framlegging av statsbudsjettet i oktober. I tertialrapport pr. april er det framleis noko usikkerheit rundt skatteinngangen, men denne vert rekna til å verte i spennet frå 1 mill. kr til 4 mill. kr høgare enn det budsjetterte nivået.

Alternativ bruk av det økonomiske handlingsrommet

Det økonomiske handlingsrommet som kommunen har kan og brukast til andre føremål enn å fjerna eigedomsskatten.

- Samnanger kommune vil i kommande økonomiplanperiode få ei høgare gjeldsbyrde. Gjeldsgraden til kommunen er pr. 31.12.2021 på 94,4 %. Gjennomsnittleg gjeldsgrad for kommunesektoren er i underkant av 100 %. Tilrådd nivå er ein del under det gjennomsnittlege nivået; ein gjeldsgrad som ikkje skal

- overstiga 75 %. I kommande økonomiplanperiode vil vedteken fleirbrukshall auke gjelda, og kommunen vil med det vere over både tilrådd nivå og det som er gjennomsnittet for kommunesektoren. Eit alternativ til å fjerne eigedomsskatten ville då vere å bruke dette økonomiske handlingsrommet til å ha ei høgare avdragsbetaling, og med det arbeide ned gjeldsbelastninga til kommunen mot det som er gjennomsnittet av alle kommunar.
- Eit anna alternativ til å betale ned gjeld er å bruke handlingsrommet til å bygga opp fond som gjer at kommunen toler svingingar i økonomien; til dømes at konsesjonskraftinntektene vert dårlegare og at rentenivået går opp i ei tid når kommunen får ein større gjeldsbyrde.
 - Det er og mogleg å bruke det økonomiske handlingsrommet i tenesteområda. Det er mange gode tiltak som kan gjerast for å auke kvaliteten både innanfor oppvekst, helse og omsorg eller innanfor tekniske tenester. Ein slik tilnærming vil auke kostnadsnivået til kommunen, og gjere drifta mindre økonomisk effektiv.
 - Rådmannen er særst oppteken av utviklingsperspektivet, og premissane ber i sum preg av at det er ønskjeleg at ein har ei god utvikling av kommunen i komande økonomiplanperiode. Delar av det økonomiske handlingsrommet kan difor brukast med eit utviklingsperspektiv.

Andre konsekvensar – takseringsproblematikk ved opphald i skatteinnkreving

Eit spørsmål kring det å fjerne eigedomsskatten er kva som skjer med verdisetjinga av eigedomane i det tidsrommet ein ikkje har eigedomsskatt. Dette kunne vore ein potensiell utfordring dersom det etter ein periode utan eigedomsskatt, vart gjort eit vedtak om å gjeninnføra skatten.

Kommunen har søkt svar, og har fått opplyst at det er mogleg å vedlikehalda takstane på ein slik måte at det ikkje er naudsynt å taksera alle eigedommane på nytt. Føresetnaden for at det ikkje vert noko utfordring med dette, er at ein beheld eigedomsskatt på eit anna område; til dømes for næring eller kraftanlegg. Det er med andre ord berre når ein fjernar all innkrevjing av eigedomsskatt at ein må taksera alle eigedommar på nytt.

Oppsummering og framlegg til premiss

Samnanger kommune sin økonomi har fått eit løft frå og med 2021. Dette samanlikna med åra før. Den gode trenden for økonomien har heldt fram inn i 2022. Rådmannen meiner at det kan vere mogleg å fjerne eigedomsskatten med det inntektsnivået som kommunen har no. Det avgjerande er om dette inntektsnivået er stabilt, eller om det er reell fare for at dei kan gå mykje ned. Slik det er no verkar det ikkje sannsynleg at kraftprisane kan gå ned mot dei låge nivå som ein hadde i 2020.

Rådmannen meiner det er rett å ha ei konservativ haldning, følgje utviklinga og bruke litt tid før ein gjer eit bestemt vedtak. I løpet av 2022 vil det koma fleire avklaringar på moment som potensielt vil kunne bidra til at Samnanger får ein betre kommuneøkonomi. Dersom dei nemnde moment over inntreff vil kommunen ha økonomisk handlingsrom til både å fjerna eigedomsskatten på hus og fritidsbustadar, finansiera klimatiltak og næringsutvikling i kommunen med fondsmidlar og tole å ha ein gjeldsgrad som er høgare enn gjennomsnittet i kommunal sektor.

Rådmannen ønskjer difor å sjå dette an gjennom budsjettprosessen hausten 2022, for deretter å koma med eit framlegg til om, og i kva år i økonomiplanperioden ein skal fjerne eigedomsskatten. Dersom prognosane gjer at det er økonomisk handlingsrom for det, så vil rådmannen gjera framlegg om å ta vekk eigedomsskatten frå og med 2023. Dersom det viser seg at handlingsrommet er meir usikkert, så vil rådmannen i sitt budsjettframlegg ikkje gjera framlegg om å fjerna eigedomsskatten før år 2 eller seinare i økonomiplanperioden.